

# NYTT OM NAMN

Meldingsblad for  
**Norsk namnelag**



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)

Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@iln.uio.no)

Vidar Haslum (vidar.haslum@uia.no)

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll (k.j.myrvoll@iln.uio.no)

Utgjevar:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking

Universitetet i Oslo

Nr. 58 – 2013

Redaksjonen vart slutført 6. juni 2014

*Adresser m.m.*

Nettstaden til Norsk namnelag er [www.norsknarnnelag.no](http://www.norsknarnnelag.no).

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.  
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo.  
Tlf. 22 85 43 78.

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

## INNHALD

### LEIAR

Botolv Helleland: Stadnamngransking i motvind.....	5
--	---

### STADNAMNTENESTA

Samrådsmøtet for stadnamntenesta og Kartverket 2013 .....	6
---	---

Marit Halvorsen: Behovet for stedsnavnforskning ved Universitetet i Oslo. Brev sendt 24. oktober 2013 til styreeren ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier .....	13
--	----

### NORMERING OG BRUK AV NAMN

Botolv Helleland: Lov om stadnamn i endring. Høyringsnotatet om endringar i stadnamnlova er lagt ut.....	15
--	----

Førehaving av namnesaker .....	17
--------------------------------	----

Om klagerett etter lov om stadnamn. Svar på spørsmål fra Kartverket .....	20
---	----

Ingvil Nordland: <i>Gjølme</i> versus <i>Råbygda</i> opp i klagenemnda .....	20
--	----

#### Konkurransse og strid om namn på Noregs ryggrad

1. Tor Erik Jenstad: Om namnekonkurransen .....	24
---	----

2. Harald Brekke: Uttalelse fra Norsk stratigrafisk komité .....	26
--	----

3. Tom Bugge: Svar fra Norsk Geologisk Forening.....	29
--	----

4. Risto Kumpulainen og Matti Räsänen: Svensk reaksjon.....	30
---	----

5. Johan Petter Nystuen: Kommentar .....	31
--	----

Botolv Helleland: Hvorfor <i>Gudvangatunnelen</i> med <i>a</i> -sammensetning. Svar til en som lurer .....	33
--	----

### NORNA-NYTT

Vidar Haslum: NORNA-symposium i Halmstad .....	34
--	----

### FN-NYTT

John Jensen: Møde i Den nordiske division af UNGEGN, Tallinn 18. september 2013 .....	37
---	----

Botolv Helleland: Samordning av namnedata i store databasar. Seminar i Tallinn 19. september 2013 .....	40
---	----

### ANNA MELDINGSSTOFF

Botolv Helleland: Ola Stemshaug 1936–2013.....	41
--	----

Lars-Erik Edlund: Gudrun Utterström 1928–2013 .....	44
---	----

Olav Veka: Ny utgåve av <i>Norsk etternamnleksikon</i> .....	45
--	----

Botolv Helleland: Markeringar 2013 .....	46
--	----

### ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Margit Harsson: Namn på <i>Galn</i> - .....	47
---	----

### BOKOMTALAR

Magne Leon Heide: Stadnamn frå Tysfjord .....	50
---	----

Ivar Utne: <i>Bustadnavn i Østfold</i> bind 11 .....	53
--	----

Andreas Tandberg: Namn og identitet.....	56
--	----

Solveig Wikstrøm: Begynner snart «Hva skal barnet hete»-markedet å bli mett? .....	59
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2012 .....	60

LEIAR

## STADNAMNGRANSKING I MOTVIND

Interessa for namn og namnetyding har lange røter her i landet. Mange sit inne med mykje namnekunnskap som dei har tileigna seg gjennom *Norske Gaardnavne*. Tilsette ved dei namnefaglege institusjonane har halde tallause føredrag om stadnamn og namneinnsamling rundt om i landet. Gjennom åra har innsamling av lokale stadnamn engasjert hundrevis av medarbeidarar. Ei rekkje kommunar har store samlingar av stadnamn. Etter at Norsk namnelag vart skipa, har det samla nærare fire hundre medlemmer. I media er det rett som det er oppslag om personnamn og stadnamn. Og dei som driv med faget på profesjonell grunn, får framleis mange spørsmål frå ålmenta.

Men det ligg trugande skyer over namnevitskapen i Noreg. Ved alle universiteta er det nedgang og til dels avvikling av faget namnegransking. Tradisjonelt har det vore slik at einskilte tilsette i nordisk språkvitskap har spesialisert seg på namnegransking, men slike stillingar har etter kvart falle bort. Ved Universitetet i Oslo har det vore eit eige Institutt for namnegransking, i seinare år organisert som eit fagområde under Institutt for lingvistiske og nordiske studium. Ved utgangen av 2013 var det berre to personar att i fast stilling, båe i sekstiåra, og no legg instituttet opp til at både disiplinen og samlingane som høyrer til, skal avviklast ved Universitetet i Oslo. Ein risikerer at dei store samlingane vert deponerte i eit lagerrom.

Det er semje om at stadnamna er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Det har kome fram i fleire stortingsmeldingar og vert framheva i talar. Men når det kjem til stykket, er det andre prioriteringar som gjeld. Noreg har jamvel skrive under ein UNESCO-konvensjon om å verna om immaterielle kulturminne, medrekna stadnamn, og landet har såleis teke på seg eit spesielt ansvar på dette feltet.

Ei nedbygging av det namnevitskaplege fagmiljøet vil òg få alvorlege fylgjer for både forsking, vedlikehald av samlingane og rekruttering. Utan undervisning vil ein ikkje kunna utdanna folk til dømes til stadnamntenesta, og kunnskapsbasen vil verta ringare etter kvart. Ein risikerer at amatørar får dominera innanfor namnetolking, publisering og normering. Rett nok har Språkrådet og Kulturdepartementet meint at namnegransking må haldast oppe, men universiteta høyrer ikkje på det øyra.

At stadnamnlova no etter alt å døma vil verta endra og opna for nærast fri stavemåte av bruksnamn, er òg eit teikn på at politikarane er meir slepphendte når det gjeld faglege vurderingar. Det er eit tap for stadnamna som felles kulturarv at individuelle omsyn skal telja meir enn fellesskapen.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## STADNAMNTENESTA

## SAMRÅDINGSMØTET FOR STADNAMNTENESTA OG KARTVERKET 2013

Samrådsmøtet for Kartverket og stadnamntenesta for 2013 vart halde 24.–26. september på Ørland kysthotell på Brekstad, Ørlandet, med stadnamntenesta i Midt-Noreg som lokal arrangør saman med Ingvil Nordland. Dette redigerte samandraget byggjer på referata til Irene Andreassen, Marit Hovdenak og Oddmund Vestenfor. Det er grunnen til at språkforma veks-lar.

Ved opninga av fellesmøtet bar direktøren i Språkrådet, Arnfinn Muru-vik Vonen, fram minneord om Ola Stemshaug. Ola hadde vore namne-konsulent for Midt-Noreg sidan lov om stadnamn vart sett i verk 1. juli 1991 til sin siste dag. På vegner av kona til Ola, Marit Stemshaug, takka Eli Ellingsve for kondolansar til heimen og deltaking i gravferda.

### Fellesmøte 25. september 2013

#### Namnevern og namnsetjing

1.

Tema for fyrste dagen var namnevern og namnsetjing. Namnekonsulent Botolv Helleland innleidde med ei kortfatta historisk oversikt over stadnamnormering og om bakgrunnen for lov om stadnamn. Han viste til stor-tingsvedtaket i 1863 om at det skulle utarbeidast ein ny matrikkel for jord-eigedomane i landet. Oluf Rygh vart i 1878 leiar av ein namnekommissjon som skulle revidera skrivemåten av gardsnamna på grunnlag av eldre skriftlege kjelder, uttale og topografiske opplysningar. Matrikkelen med reviderte namneformer vart ferdig i 1886. Rygh arbeidde vidare med mate-rialet og la det til rette for utgjeving i serien *Norske Gaardnavne* (1897–1936). Sjølv gav han ut tre og eit halvt band før han døydde i 1899.

I 1912–13 kom Noregs geografiske oppmåling med dei fyrste reglane om skrivemåten av namn på kart. Her vart regelen om at skrivemåten skulle byggja på lokal uttale og «landsmaalets rettskrivning» for fyrste gong kne-sett. I åra fram til 1957 kom det ei rad vedtak om skrivemåten av stadnamn, til dels i form av kongelege resolusjonar, som vidareførde prinsippet om å byggja på lokal uttale, men med nynorsk rettskriving som rettesnor. På slutten av 1950-åra reiste nokre grunneigarar sak mot staten for di dei med bakgrunn i skylddelingslova meinte staten ikkje hadde heimel for å fast-setja skrivemåten mot eigaren sin vilje. Ein dom i Oslo byrett i 1959 kon-kluderte med at staten hadde ein slik rett når det galdt skrivemåten av gardsnamn på offentlege kart og i annan offentlig samanheng. Men saka vart anka, og Høgsterett kom i 1961 til at staten ikkje hadde tilstrekkeleg lovheimel, m.a. med tilvising til skylddelingslova, og at ein slik heimel

måtte skaffast ved lov. Det vart starten på tretti år med diskusjonar i ulike instansar, medrekna i Stortinget og Vogt-komiteen. Det enda med at det i 1979 vart sett ned eit utval til å greia ut saka. Utvalet, meir presist Stadnamnutvalet, leverte si tilråding i 1983 (NOU 1983:6), og i 1990 vart lov om stadnamn vedteken.

Når det galdt omgrepa «stadnamn som kulturminne» og «kulturvern» hadde Stadnamnutvalet i føremålsparagrafen foreslått at «... stadnamna skal takast vare på som kulturminne», men departementet meinte at det ikkje var naudsynleg med ei slik formulering. Men då lova vart endra i 2005, vart fylgjande setning lagd inn i paragraf 1: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.» Ved denne lovendinga kom det òg inn ein ny paragraf 3 med dette innhaldet:

*Namnevern og namnsetjing:*

Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime, når det

- a) er i bruk som etternamn og er verna, eller
- b) på annan måte er eit særeige namn, eller
- c) av andre grunnar bør vernast.

Eit nedervd stadnamn kan ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

I kommentarane til lovteksten presiserer departementet namnevernet slik:

*Til § 1. Formål og verkeområde*

*Første leddet* gir intensjonane med lova. Stadnamn er immaterielle kulturminne, og som slike har dei krav på vern. Det er likevel ikkje ei bestemt skriftform som er avgjerande for verdien som kulturminne, eller at denne byggjer på ein bestemt uttale, men at det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved mange av dei, særleg dei eldre, som kastar lys over tidlegare tidars liv og virke, kjem fram. Alle stadnamn kan heller ikkje vernast ved at dei blir tekne i bruk av det offentlege og derfor får ei offisiell skriftform. Mange vil berre finnast i namnesamlingar og bygdebøker. Den skriftforma namna får, skal ikkje skyggje for meiningsinnhaldet, og i dei fleste tilfella er stadnamna samansette av vanlege ord sjølv om uttalen varierer.

Etter andre ledd skal lova dokumentere, bevare og synleggjere språkleg og kulturelt mangfald slik dette manifesterer seg i samiske, kvenske og skogfinske stadnamn.

I tillegg til å vere kulturminne har stadnamna ei rekkje daglege funksjonar i privat og offentleg bruk. Den viktigaste funksjonen ved stadnamn i offentleg teneste er å identifisere eit namneobjekt, ein lokalitet, så

eintydig som råd – altså ein adressefunksjon. Stadnamna har nedfelt seg i språket gjennom lang tid. Dei fleste har oppstått i talemålet og er overleverte i munnleg form frå generasjon til generasjon. Men mange namn har også ein lang skrifttradisjon. Dette gjeld i første rekkje namn på grunnleggjande økonomiske einingar i samfunnet, t.d. gardar (bruk) og administrative einingar.

I handboka *Adresseveileder* som Kartverket har utarbeidd for adressesettelninga i kommunane er det i kapittel 6 gjort greie for val av adressenamn, og her heiter det m.a. at ein skal leggja vekt på namnetradisjonen når ein skal gje namn. Indirekte ligg det her eit element av namnevern.

## 2.

Advokat Brynjar Mørkved hadde innlegg med tittelen «Har nedarva stedsnavn vern i Norge?» Mørkved er vokst opp på gården Hunn Østre i Overhalla kommune i Namdalen, jf. også navn som *Hunn Vestre* og *Hunn skole*. Overhalla kommune vedtok sommeren 2013 ny reguleringsplan under tittelen «Reguleringsplan for Skage sentrum» trass i at stedet heter *Hunn*. Det var protester på kommunens navnevalg, uten at det hjalp.

Mørkved viste til at Kartverket opplyste at kommunene kan fastsette navn på steder på grunn av deres myndighet etter § 5, men begrenset av § 3 annet ledd. Mørkved viste til at § 3 annet ledd, ikke gir myndighet til noen slik som § 5. Mørkved stilte derfor spørsmål om hvordan § 3 skal forstås, og konkluderte med at en ikke bør åpne opp for at kommuner kan endre nedarva stedsnavn før en er på trygg rettslig grunn.

Han tok så for seg det at loven ikke gir privatpersoner/enkeltpersoner muligheten til å reise navnesak, og han etterlyste begrunnelsen. Han var også skeptisk til den innskrenkinga av klageretten som loven har, og etterlyste en balanse mellom forvaltning og lovgiving. Mørkved konkluderte med at det var behov for en gjennomgang og revisjon av lov om stadnamn, men stilte samtidig et spørsmål om det var politisk vilje til det.

Nils Jørgen Gaasvik, Kartverket, presiserte at det er kommunen som er vedtaksorgan for navn på tettsteder, og at Kartverket aldri bestemmer hva et sted skal hete. Når det gjaldt navna *Hunn* og *Skage*, så var det etter hans oppfatning kommunen som var vedtaksorgan både for skrivemåten og selve navnet.

Navnekonsulent Eli Ellingsve meinte at en gjennomgang av loven var et godt forslag. Hun sa at vi daglig er forvaltningsmessig «i trøbbel». Som eksempel nevnte hun Vegvesenet som «slipper unna» for lett; de kjører ofte sitt eget løp med private skrivemåter. Anne Svanevik, Kartverket, sa seg enig i at forholdet mellom § 3 og vedtaksmyndighetene er temmelig uklart, og at Kartverket noen ganger må ta avgjørelsene sjøl når det gjelder nedarva navn. Hun holdt også fram at Kartverket overhodet ikke bestemmer



hva tettsteder og bygder skal hete, men at Kartverket har klagerett. I et svarbrev fra Kulturdepartementet til Kartverket i 2011 på spørsmål om det kan klages (separat) over nedarva stedsnavn, ble det svart «ja», forutsatt at man har klagerett.

Aud-Kirsti Pedersen, Kartverket, viste til formuleringa «best kjent på staden» i § 9 under avsnittet *Bruk av stadnamn* som gjelder samiske og kvenske navn og stilte spørsmål om kanskje norske navn også trengte slike føringer. Svanevik reiste spørsmål om man burde gjøre en henvendelse til departementet om endringer i loven.

### 3.

Finn Isaksen, Kartverket, hadde for sitt innlegg følgende overskrift: «Adressetilleggsnavn og matrikkelen. Hvordan må navnebruk dokumenteres?» Han slo fast at det er mye uvitenhet «der ute» når det gjelder termene bruksnavn og gårdsnavn. Han viste til § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* der det står «Eigar eller festar har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut bruksnamn ...», men påpekte at eier har stor frihet til å endre navn som ikke er nedarva. Når det er et nedarva bruksnavn, så kan eier i tillegg til veiadressen ha et annet navn, dvs. et adressetilleggsnavn, men som må dokumenteres å ha vært i offentlig bruk en viss tid.

Det var litt diskusjon om navnekilder, f.eks. bygdebøker. Navnekonsulent Ole-Jørgen Johannessen sa at bygdebøker er viktige kilder, men at de «kommer noe ned på rangstigen». Navnekonsulent Magne Heide mente begrepet «offentlig bruk» kunne være problematisk når det var snakk om navn som ikke er dokumentert, men bare brukt muntlig.

Isaksen viste til at når det gjelder adressetilleggsnavn, er det kommunens oppgave å velge navn, mens skrivemåten bestemmes av Kartverket. Derfor må det reises navnesak når navnet ikke er i samsvar med reglene for skrivemåten. Han viste til at Kartverket er kommet med endringsforslag til nytt førsteledd i Matrikkelforskriftens § 54: «Kommunen kan tildele grende- eller boligfeltnavn, eller andre hensiktsmessige stedsnavn som adressetilleggsnavn på adresser som ikke er tildelt, eller blir tildelt, adressetilleggsnavn etter andre og tredje ledd.» På Kartverkets nettside fins mer informasjon om adressetilleggsnavn.

Navnesekretær Ingvil Nordland spurte om det er Kartverket eller stedsnavntjenesten som skal komme med dokumentasjon på navn. Isaksen svarte at det er Kartverket si sak. Han understreket at Folkeregisteret per i dag ikke kan ta imot de nye adressetilleggsnavna. Aud-Kirsti Pedersen, Kartverket, spurte om nye adressenavn alltid må ha et etterledd. Hun meinte det kunne være et godt prinsipp å ikke bruke etterledd i nye adressenavn, men sa samtidig at det forutsetter lokalkunnskap om rekkevidden til navnet. Botolv Helleland meinte etterledd som *-veg* hadde tydeligst adressefunksjon, men at man også burde lytte til lokale ønsker om å bruke et stedsnavn direkte

uten noe slikt etterledd. Ole-Jørgen Johannessen meinte også at man fortsatt hovedsakelig burde bruke vanlige etterledd, som *-vei*.

### **Internmøte i stadnamntenesta 26. september 2013**

#### **Felles dataløysing for stadnamnsamlingar?**

Det kom opp eit framlegg om å definere eit prosjekt for å komme fram til ei felles dataløysing for å samordne stadnamnsamlingar og å formulere ein søknad om dette til Språkrådet eller Kulturdepartementet. Her måtte ein ta omsyn til at det finst mange aktuelle samlingar, med fleire ulike deltakarar, som namnemiljøa ved universiteta, fylkeskommunar og kommunar. Det er viktig å invitere inn alle i ein tidleg fase. Det kunne vere aktuelt å be Johnny Andersen, som snart går av frå arbeidet i Kartverket, om å hjelpe til med ei slik felles dataløysing. På sikt bør ein tenkje på korleis ei slik dataløysing kan/skal koplast til SSR.

#### **Brev frå Kulturdepartementet til Språkrådet**

Marit Hovdenak, Språkrådet, gjorde greie for eit brev frå Kulturdepartementet til Språkrådet, dagsett 5. september 2013, om ordboksspørsmål m.m. der Språkrådet vert bede om utfyllande informasjon og vurderingar av mellom anna språksamlingar. Departementet har spesielt bede om at Språkrådet går gjennom rapporten frå 2012 som er utarbeidd på grunnlag av diverse prosjekt departementet har gjeve tilskot til (*Stadnamn og stadnamninnsamling med bakgrunn i eit pilotprosjekt – ein rapport frå fagmiljøet*. Føreord datert juli 2012 av Samarbeidsnemnda for namnegransking ved Botolv Helleland og Ole-Jørgen Johannessen). Departementet ber òg Språkrådet gje ei vurdering av uavklara spørsmål i rapporten. – Eit prosjekt for å finne ei felles dataløysing bør knyte seg til denne saka. I rapporten er det skissert ein felles virtuell database for stadnamn, skildra av Christian-Emil Ore ved UiO. I ei projektskisse må det leggjast vekt på stadnamn som kulturminne, og at det må finnast ei framtid for språksamlingar. Det må ikkje gløymast at mange område er dårleg dekte med innsamla materiale i det heile.

I denne samanhengen kom det opp eit framlegg om å definere eit prosjekt for å komme fram til ei felles dataløysing for å samordne stadnamnsamlingar og å formulere ein søknad om dette til Språkrådet eller Kulturdepartementet.

#### **Spørsmål knytt til fleirspråkleg skilting**

Namnekonsulent Irene Andreassen stilte dette spørsmålet: Når er eit samisk namn norsk nok til å komme på skilt? *Bossekop* og *Hjemmeluft* er «fornorska» former. No skal ein tunnel i Alta få namn. Tunnelen går gjennom fjellet *Sáhkkobátni*. Dersom tunnelen får namn etter dette fjellet, skal det kunne ha ei norsk form, t.d. «Sakkobane»?

### **Regionale namneformer**

Stadnamntenesta for norske namn i Nord-Noreg tok opp skrivemåten *Sjy-* som forledd i staden for skriftmålsforma *Sjø-*. Magne Heide peikte på at «Sjyvegen» er eit vanleg namn, med noko appellativt preg. Normeringspraksis har vore noko varierende i stadnamntenesta i Nord-Noreg. Som etterledd derimot er *-sjøen* alltid brukt. Argument for forma *Sjy-* er at denne dialektforma er utbreidd, og at ho lettare kan forsvinne dersom ho ikkje kan skrivast. *Sjy-* gjev ein lokal koloritt, og kommunane melder ofte inn ønske om ei slik form. Å skrive *Sjø-* endrar karakteren på namnet. På Vestlandet finst *Sjo-* som tilrådd ledd i ein del namn, men denne forma har ein noko annan status enn *Sjy-*, fordi *sjo* er ei historisk form. Det finst noko normeringspraksis for *Sjy-* i nord. Argument for forma *sjø* er at det er eit allment kjent ord og rettskrivingsform. Stadnamntenesta for Midt-Noreg har alltid tilrådd *Sjø-*. Konklusjonen på denne diskusjonen var at stadnamntenesta for Nord-Noreg lagar eit notat, som m.a. omtalar normeringspraksis i nyare tid, og sender det på sirkulasjon blant stadnamntenestene.

### **Namnevern og namnsetjing**

Aud-Kirsti Pedersen gjorde greie for prosjektet Digitalisering av samisk kulturarv. Det skal sendast søknad til Forskingsrådet om «samiske stadnamn som kulturarv». Pedersen er med i referansegruppa som representant for «ei digital kompetansebedrift». Ein bør kartleggje det som er digitalisert, og ho håpar å få lagt det inn i basane til Kartverket. Samarbeidspartnar er Sametinget: «Kompetanseheving og innmelding av navn i samiske kunnskapsinstitusjoner». Marit Gaino sa at Sametinget har pengar til dette.

### **Fellesmøte 26. september 2013**

#### **Kystverkets navn**

Nils Jørgen Gaasvik innleidde og viste til at Kartverket er vedtaksorgan for skrivemåten av desse namna. Kartverket må ha gode rutinar, gjere lova kjend og hjelpe til så etatane følgjer lova. Det er meir behov for samarbeid etter at Kartverket vart vedtaksorgan for skrivemåten av andre etatars namn frå 2006. Det ideelle er at same skrivemåten blir brukt i alle produkt, og at primærfunksjonen blir lagd til grunn. Men slik er det ikkje alltid. Tiltak er fremja for å få orden på dette. Det har vore møte med Kystverket før, m.a. i Namnerådet og på tidlegare samrådsmøte. Då har det vore gjennomgang av *Fyrlista*. Frå 1. august 2006 avgjer Kystverket namnet og Kartverket skrivemåten. Målet er at det skal vere samsvar i skrivemåten mellom primærfunksjonen og fyrstasjonsnamn, fyrlyktnamn osv. Då må ein anten nytte godkjende skrivemåtar eller reise namnesak. Dette er gjort i Sør-Trøndelag, men ikkje i dei andre fylka. Ny database er på plass i Kystverket, og det vart etterlyst ei samordning med SSR.

Jarl Stig Molnes, Senter for farled, fyr og merker, gjorde greie for arbeidet der. Kvalitetssikring var viktig. Han meinte det går an å leggje SSR inn som i eit kartlag i basen, men det er ikkje alle i Kystverket som kan det nye systemet så godt enno. Molnes meinte det skulle vere råd å få SSR-kartlaget på plass innan relativt kort tid. Det kjem melding frå Kartverket til Nautisk fagsystem (NFS) når eit primærnamn er vedteke, og så går det pålegg til kommunen om dette. Johnny Andersen har gått gjennom alle fyr og lykter i Nord-Noreg og har sendt merknad når det er avvik. Molnes fortalde at fyrlista no blir generert frå NFS, og då kan det kanskje bli noko feil. Merke utan lys er no straks registrerte digitalt i NFS.

### **Sjønamm**

Eli Johanne Ellingsve gjorde greie for to tiltak i Midt-Noreg: revisjonsprosjekt for sjøkart og fyrlista. Mykje er yrkesretta informasjon, men fleire fritidsbåtar kjem til etter kvart. Ho hadde inntrykk av at stadnamntenesta har vore mindre involvert i sjøkart enn i landkart. Ålmenta har i mindre grad brukt sjøkart, og det er ikkje reist namnesaker ut frå desse. Sjøkarta er meir til yrkesbruk. Sjødivisjonen har ikkje vore så «på banen», men er ikkje unnateken regelverket. I 1957 kom føresegnene for stadnamn for «alle offentlege kartverk», som Noregs sjøkartverk, og Polarinstituttet. Sistnemnde fekk fritak frå lov om stadnamn, men det fekk ikkje det som no er sjødivisjonen i Kartverket. Ellingsve hadde funne 37 feil i sjøkarta i sitt område.

### **Fyrlista, sjøkart**

Fyrnamna i Sør-Trøndelag, men ikkje lyktenamna, er reviderte av Nils Jørgen Gaasvik. Han fortalde at det var endå fleire lanterner med namn som ikkje har kome med i arbeidet hans no, dei må òg med i SSR så rett som råd. Namn og nummer (og sjøkartnummer) finst i fyrlista. Det er seks gonger så mange namn i fyrlista som i SSR pga. skjermingsbeskrivingane. Og det er andre skrivemåtar enn i SSR der, t.d. ubunden form i fyrlista mot bunden form i SSR. Funksjonstillegget skal ikkje vere med i denne lista ('båke, fyr, lykt'), berre sjølve namnet som skal stå åleine. Magne Heide heldt fram at me måtte ha same namn på fyret som på naturlokaliteten; plasseringa må vere korrekt og namnet må skrivast med artikkel når uttalen har det.

Fleire peikte på at sjøkarta ikkje hadde vore så systematisk gjennomgått av stadnamntenesta som namn på landkart. Det burde på plass att, meinte Ole-Jørgen Johannessen. No er det mest berre om adressenamn – og elles er det heilt stilt. Anne Svanevik konkluderte med at eitt og same stadnamn skal skrivast likt i alle produkt – dét har ein ikkje gått bort frå. Atle Graff, Kartverket, sa at nye kartblad blir sende ut når dei er ferdige. Men stadnamntenesta må sjå på einskildnamn og ikkje lenger gå etter kartblada, for

dei blir trykte kanskje berre nokre få år til. Dessutan er kartdata no frigjevne, og kven som helst kan lage kart.

Inger Tellefsen, sjødivisjonen i Kartverket, heldt fram at ved nytrykk, ny utgåve eller nytt sjøkart skal alle namn vere i samsvar med SSR, og dei gamle karta skal kastast – det er regelen.

### **Nytt SSR**

Kjetil Ringen og Ben Worsley frå Kartverket gjorde greie for eit nytt SSR. SSR 2.0 har prioritet i arbeidet. Fyrst må eit brukande og oppdatert system for forvaltninga på plass, og koplinga mot matrikkelen må kome etter dette. Det skal vere i produksjon 1. februar 2015. Det blir automatisk oppdatering av versjonar, og endringslogg blir sendt ut. Søkjetenester og sestedsnavn.no ligg på ei plattform som skal erstattast.

## **BEHOVET FOR STEDSNAVNFORSKNING VED UNIVERSITET I OSLO**

### **Brev sendt 24. oktober 2013 til styreren ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier**

Jeg er nylig gjort kjent med at Institutt for lingvistiske og nordiske studier nå skal diskutere sin stillingsplan og at Navnegranskning ber om å bli tildelt en ny stilling. Som leder av Klagenemnda for stadnamn er jeg ansvarlig for håndhevingen av lov om stadnamn (18. mai 1990 nr. 11) og har derfor direkte interesse i navneforskningsmiljøets stilling og fremtid.

Nemnda er satt sammen av to stedsnavnkyndige – det vil si personer med forskningskompetanse i stedsnavn – to lege medlemmer og lederen. Hvis saken dreier seg om samiske eller finske stedsnavn, skal Nemnda suppleres med tilsvarende navnesakkyndig person. Noe av det viktigste arbeidet Nemnda gjør, er å sørge for at befolkningen og myndighetene får oppfylt sin rett til å klage når de av forskjellige grunner mener at et stedsnavn ikke er riktig fastsatt.

Forbausende mange mennesker er livlig opptatt av stedsnavn og engasjerer seg i navnsetting og navneforandring. Kommunene har ansvar for å gi navn til tettsteder, grender, kommunale gater, veier, torg, bydeler, byggefelt, anlegg osv. Fylkeskommunene bestemmer navn på fylkeskommunale anlegg av alle slag. Kartverket har ansvar for alle andre stedsnavn som kommer på økonomiske og andre kart over Norge. Stedsnavn blir ikke valgt tilfeldig. Ofte er det forbundet med en lang prosess å finne frem til navn som på riktig måte gjenspeiler stedets historie, funksjon og utvikling. Navn er kultur, og stadnamnlovas hovedformål er kulturminnevern, jfr. dens § 1.

Navnegranskning hører til i kjernen av humanioraforskningens portefølje. Som det sies i nasjonal strategi for humanistisk forskning (Forskningsrådet, 2008):

Humaniora handler om hva det i bred forstand vil si å være menneske; om identitet, språk, historisk sammenheng og verdigrunnlag.

Stedsnavn handler om identitet: Hvor kommer jeg fra? Hvilket land, hvilken landsdel, hvilket landskap, hvilken bygd eller by? Stedsnavn handler om språk: Hva er språkhistorien bak akkurat dette navnet, hva sier det om dialekttilknytning, påvirkning utenfra, språkutviklingen? Stedsnavn handler om historisk sammenheng: Hva slags aktiviteter har det vært på dette stedet? Hva har folk levd av, hva har de drevet med, hva slags impulser og hendelser viser seg i navnehistorien? Til sist handler stedsnavn også om verdigrunnlag: Er det spor fra førkristen tid her? Viser navnet til en kult, en religion, en praksis? Ønsker man gjennom navnet å formidle noe særskilt om stedet, dets historie og kultur?

Forsvarlig stedsnavnpraksis krever aktive forskningsmiljø på universitetsnivå som kan frembringe personer med nødvendig navnefaglig kompetanse. Norge har tradisjonelt hatt et sterkt navnefaglig miljø, og som leder av Klagenemnda ser jeg betydningen av den forskning på stedsnavn som er gjennomført og som er tilgjengelig i publikasjoner og arkiver. Nemndas virksomhet er helt avhengig av oppdatert forskning. At feltet får de nødvendige stillinger for å opprettholde et aktivt forskningsmiljø, er faktisk av direkte betydning for rettssikkerheten. Navnegranskning er med andre ord et særdeles *nyttig* fag.

Jeg har latt foreta noen raske undersøkelser av navneforskingsmiljøene i våre naboland. Ved Københavns universitet er det 1 professor, 5 lektorer og 2 akademisk tilsatte som driver med navneforskning, samt 2,5 ph.d.-stillinger. I Uppsala har de ved siden av en sjef for avdelingen 5 stillinger for stedsnavnforskning/røkt, 2,75 for personnavn samt administrativt personale. I Göteborg er det 2 stillinger for stedsnavnforskning. I Finland har de 7 stillinger for navnerøkt og navnearkiv ved Institutet för de inhemska språken samt et lite miljø ved Helsingfors universitet. Det er vel liten grunn til at navneforskning skal prioriteres dårligere i Norge.

Til slutt noen ord om navnearkivet: Det er av uvurderlig betydning å ha et navnearkiv med forskningsmessig standard tilgjengelig der forskningen foregår. For Klagenemnda er enkel tilgang til oppdatert arkiv selvsagt av stor betydning. For meg personlig, som rettshistoriker, er kildenærhet en forutsetning. Det universitetsmiljø som mister sine primærkilder, blir utarmet.

Marit Halvorsen  
marit.halvorsen@jus.uio.no

## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### LOV OM STADNAMN I ENDRING

#### Høyringsnotatet om endringar i stadnamnlova er lagt ut

Jamvel om dette nummeret av *Nytt om namn* gjeld 2013, tek me med ei viktig sak for 2014, nemleg endringsframlegget i lov om stadnamn. Kulturdepartementet har no sendt ut eit lenge venta høyringsnotat om ei lovendring. Fristen for å uttala seg er sett til 2. september 2014. Me gjev her att samandraget i notatet:

I dette høyringsnotatet kjem Kulturdepartementet med framlegg til endringar i lov om stadnamn. Framlegga til lovendring fylgjer opp Innst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomitéen om eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Øyvind Halleraker (H) og Olemic Thommessen (H). Endringsframlegga er så omfattande at det er aktuelt å føreslå ny lov.

Stadnamn er immaterielle (ikkje-handfaste) kulturminne som gjev opplysningar om naturtilhøve, kulturhistorie, liv og virke. Vi kan ikkje ta på eller sjå på dei, slik vi kan med materielle kulturminne. Derfor er det ikkje oppe i dagen kva som er verneverdig med dei. Det er *meningsinnhaldet* i stadnamna som er bindeleddet mellom fortid og notid, og som gjer denne delen av kulturarven tilgjengeleg for oss. Formålet med stadnamnlova er å gje stadnamn vern. Verkemiddelet er å fastsetje ein skrivemåte som ikkje i utgangspunktet forvanskar eller tilslører meningsinnhaldet. Derfor er denne delen av den språklege kulturarven underlagd offisiell normering med utgangspunkt i språkvitskapleg og namnefagleg kompetanse. Normeringa skal ta mange språklege omsyn og har også viktige praktiske sider, fordi dette er namn som skal brukast av det offentlege på t.d. kart og skilt.

Lov om stadnamn er ei lov som regulerer både *vårt* og *mitt*. Lova skal ta omsyn både til samfunnsinteresser og særinteresser, samtidig med at ein del av språkhistoria og språkvariasjonen vår blir forvalta.

I dag kan ikkje skrivemåten av namn på eit gardsbruk avgjerast av grunneigaren sjølv – viss namnet språkleg og geografisk er identisk med eit gammalt gardsnamn. Det er viktig å merke seg at stadnamnlova skil skarpt mellom bruksnamn og gardsnamn. Eit så skarpt skilje finst ikkje i daglegtalen. At eit ord betyr noko i daglegtalen og noko anna i juridisk språkbruk, er heilt vanleg, men kompliserer formidlinga av lova. Ein viktig regel til no har vore at eit bruksnamn som er identisk med namnet til garden bruket ligg under, skal skrivast som gardsnamnet det er utleidd av. Desse bruksnamna har altså det same vernet som gardsnamna. Målet med framlegget til lovrevisjon er å oppheve denne regelen og å overføre

det avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåte av bruksnamn frå Statens kartverk til eigaren eller festaren.

Hovudframlegga til lovendring:

- Definisjonar, struktur og språk er gjort enklare og meir forståeleg.
- Namn på gardsbruk eller eigedom under eit gardsnummer skal få den skrivemåten grunneigaren eller festaren ynskjer, så lenge han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk. Det skal ikkje stillast strenge krav til dokumentasjon.
- Skrivemåten av namnet som grunneigaren eller festaren ynskjer, skal kunne vedtakast utan lokal høyring.
- Grunneigaren eller festaren skal straks få tilsendt språkfagleg tilråding, slik at han får direkte innsyn i dei momenta som har kome fram i høyringsrunden, og som kan styrkje eller endre oppfatninga hans.

Konsekvensane av framlegget til lovendring er at bruksnamna blir ein del av råderetten til kvar enkelt eigar eller festar. Dei vil dermed ha svakare vern enn gamle gardsnamn, sjølv om namna er samanfallande geografisk og språkleg. Namn på eigedom eller gardsbruk under eit gardsnummer kan etter framlegget ha ein skrivemåte som strir mot offisielt tilrådd skrivemåte, dersom eigaren eller festaren ynskjer det.

Framlegget til lovendring styrkjer kontrollen som eigar eller festar har over bruksnamna. Samtidig er formålet med lovendringa å tydeleggjere språkleg og juridisk

- 1) kva kulturminneverdien i stadnamn er, og
- 2) kva namn som framleis skal fylgje offisiell rettskriving, t.d. gardsnamn og namn i andre sekundære funksjonar enn bruksnamna (t.d. namn på vegar og barnehagar).

På denne nettstaden finn ein høyringsbrev, oversyn over høyringsinstansar og sjølve høyringsnotatet: [http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/hoyringar/Hoyringsdokument/2014/Hoyring---framlegg-til-endringar-i-stadnamnlova.html?regj\\_oss=1&id=761432](http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/hoyringar/Hoyringsdokument/2014/Hoyring---framlegg-til-endringar-i-stadnamnlova.html?regj_oss=1&id=761432)

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no



## FØREHAVING AV NAMNESAKER

På nettsida om stadnamn ([www.statkart.no/Kart/Stedsnavn/Saksgangen-ved-behandling-av-namnesaker](http://www.statkart.no/Kart/Stedsnavn/Saksgangen-ved-behandling-av-namnesaker)) har Kartverket dette skjematisk oppsettet. Fyrst viser det saksgangen i Kartverkets førehaving av namnesaker, deretter blir den generelle saksførehavinga vist – ubunde av vedtaksorgan.

### I. Handsaminga i Kartverket

Kven gjer kva	Trinn	Arbeidsoppgåve
Den namne-ansvarlege	1	<p>Tek imot, registrerer og vurderer førespurnader om skrivemåten av stadnamn. Er det misforståingar eller trykkfeil som ligg til grunn for førespurnaden, rettar vi opp dette i SSR og gjev melding til redaktørane utan å fremje namnesak. Elles vurderer vi om det bør reisast namnesak etter følgjande retningslinjer:</p> <p><b>Eksterne førespurnader:</b> Det må reisast namnesak dersom førespurnaden kjem frå ein som etter lova har rett til å reise namnesak. Har vedkommande ikkje slik rett, gjer ein ei sakleg og fagleg vurdering, gjerne i samråd med stadnamntenesta i Språkrådet.</p> <p><b>Interne førespurnader:</b> Vurderer kor viktig namnet er. Gjeld førespurnaden feilplasseringar eller feil namnebruk, vurderer vi saka og gjer ev. endringar i SSR. Endringane gjer vi greie for i brev/e-post til kommunen med kopi til stadnamntenesta. I brevet spør vi kva kommunen meiner, og rettar oss etter det. Stadnamntenesta kan reise namnesak om ho er ueinig i resultatet. Generelt bør vi ved førespurnader vere varsame med å endre koordinatane til namn fordi:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• I jordskiftedommar/grensetvistar og grenseoppgangar er namn på kart brukte som argument i bevisføringa.</li> <li>• Flytting av namn kan gjere eigedomsgrensar og dei administrative grensene uklære.</li> <li>• Flytting av namn kan føre til rettskonflikt mellom partar.</li> </ul> <p>Den som har sendt førespurnaden, skal ha tilbake-melding før det er gått 4 veker om vidare saks-</p>

		<p>behandling / utfall i saka.</p> <p>Blir det reist namnesak, gå til trinn 2.</p>
<b>Den namne-ansvarlege</b>	<b>2</b>	<p><b>Reiser namnesak</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legg den foreslåtte skrivemåten inn i SSR med status F (forslag), statusdato er då innleggingsdatoen. Tek deretter informasjonen ut på standard skjema.</li> <li>• Sender tilbakemelding om vidare saksbehandling med tidsfristar til den som kom med førespurnaden, innan 4 veker etter førespurnaden er motteken.</li> <li>• Sender saka til vedkommande kommune, på lokal høyring med to månaders frist. Kommunen behandlar saka og sender ho til stadnamntenesta i Språkrådet, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta har då to månaders frist på å sende tilråding i saka til Kartverket.</li> </ul>
<b>Den namne-ansvarlege</b>	<b>3</b>	<p><b>Gjer vedtak</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurderer tilrådinga frå stadnamntenesta i Språkrådet saman med lokale høyringsfråsegner.</li> <li>• Om ein er i tvil – ta kontakt med forvaltningsansvarleg for stadnamn.</li> <li>• Gjer vedtak og sender vedtaksbrev i samsvar med ev. SSR-liste, med kopi til den (det statlege organet) som først kom med førespurnaden.</li> </ul>
<b>Den namne-ansvarlege</b>	<b>4</b>	<p>Legg vedtaket inn i SSR, statusdato er den datoen som står på vedtaksbrevet.</p>

## II. Saksgang etter lov om stadnamnesak

<b>Nokon</b> ↓	tek opp namnesak etter lov om stadnamn. § 5 første ledd i lova seier kven som kan reise namnesak. Saka sender ein til <b>vedtaksorganet</b> .
<b>Vedtaksorganet</b> ↓	§ 5 andre og tredje ledd i lova seier kven som er vedtaksorgan for dei ulike namnetypane. Kommunen er

	vedtaksorgan for skrivemåten av namn på vegar, gater, kommunale anlegg, bustadfelt, grender, tettstader osv. Statens kartverk er vedtaksorgan for skrivemåten av alle naturnamn, seternamn og nedervde gards- og bruksnamn. Statens kartverk er òg vedtaksorgan for skrivemåten av stadnamn i all statleg samanheng dersom ikkje anna er vedteke i lov eller forskrift. Kartverket har delegert saksbehandlinga og avgjerdsmakta til fylkeskartkontora. Vedtaksorganet førebur saka og sender ho til <b>kommunen</b>
<b>Kommunen</b> ↓	til høyring med to månaders frist. (Når kommunane er vedtaksorgan, har dei saka allereie.) Kommunen sender brev til eigar/festar i saker som gjeld bruksnamn. Lokale organisasjonar som har særleg interesse av eller tilknytning til namnet, skal òg ha tilsendt eige brev. Kommunen behandlar saka og sender ho til <b>stadnamntenesta</b>
<b>Stadnamntenesta i Språkrådet</b> ↓	for tilråding om skrivemåte, med kopi til vedtaksorganet. Stadnamntenesta har då to månaders frist på å sende saka til <b>vedtaksorganet</b>
<b>Vedtaksorganet</b> ↓	som gjer vedtak. Vedtaket blir sendt til kommunen, som kunngjer vedtaket etter reglane i § 9 i forskrifta (med opplysning om klagerett etter lova § 10). Vedtaket sender ein òg til stadnamntenesta i Språkrådet, andre offentlege organ som skal bruke namnet i si teneste, og til <b>Sentralt stadnamnregister</b>
<b>Sentralt stadnamnregister (SSR)</b>	ved Kartverkets fylkeskartkontor.

Ev. **klage** sender ein til vedtaksorganet. Saksgangen ved klage er den same som i førstegongsbehandlinga. Dersom klagaren ikkje får medhald av vedtaksorganet, blir skrivemåten avgjort av Klagenemnda for stadnamnsaker. Vedtak i Klagenemnda er endeleg.

Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd. (Stadnamnlova § 9 første ledd.) Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune samt selskap som det offentlege eig fullt ut.

## OM KLAGERETT ETTER LOV OM STADNAMN Svar på spørsmål fra Kartverket

Departementet vurderer ikke konkrete klager, de må eventuelt behandles av Klagenemnda. Det er Kartverket, som vedtaksorgan, som må beslutte om klagen skal tas opp til behandling eller om det skal avvises fordi klager ikke omfattes av de som har klagerett etter § 9. Jeg kan eventuelt bistå med en uttalelse knyttet til forståelsen av loven.

Fra Norge stilte fire foredragsholdere. De var i kronologisk rekkefølge Ole-Jørgen Johannessen, Vidar Haslum, Krister Vasshus og Gudlaug Nedrelid. Johannessen hadde et foredrag første dag om navn på sjø- og luftgående fartøyer, der han påviste nyere tids brudd med tidligere navnemønster. Et foredrag med et liknende tema hadde Anita Schybergson fra Finland, og da om navn på seilbåter. I en parallell sesjon tok Haslum for seg utviklingen av bestemt form i stedsnavn, som språkhistorisk sett er en midtskandinavisk innovasjon. Vasshus holdt seinere samme dagen foredrag med tittelen «Ikkje-teofore sakrale stadnamn samensett med *-lund*», der han så spesielt på hva slags miljø disse stedsnavnene ligger i. Formålet var å finne ut hvordan slike navn kan utnyttes som bosetningshistorisk kilde. Et foredrag delvis innen det samme emneområdet hadde danske Sofie Laurine Albris, som diskuterte bostedsnavn på *-lev* med henblikk på opprinnelse, utbredelse og rolle i forhold til kjente sentralplassers plassering. Den siste symposiedagen holdt Gudlaug Nedrelid et foredrag om en markant innovasjon i det norske personnavnmønsteret på 1900-tallet, de såkalte «amfibrak-kiske dobbeltnavn», det vil si dobbeltnavn med en metrisk versefot bestående av en lang stavelse mellom to korte (NRO; Lie 1967, s. 54), f.eks. *Jan Erik, Liv Åse, Bernt Olav*. Det er et spennende emne som det er forsket lite på. Den femte norske utsendingen, Tom Schmidt, hadde sammen med Terhi Ainiala, Rikke Steenholt Olesen og Staffan Nyström ansvaret for å oppsummere symposiet ved avslutningen.

Under symposiet var det to plenumsforedrag. Først ut var Paula Sjöblom, med «Kognitionsteori som grund för nya perspektiv på namns semantikk», der hun diskuterte hvordan ideer fra denne moderne språkretningen kan komme til anvendelse hvis man vil undersøke hvilken rolle psykologiske assosiasjoner spiller for valg av ulike navn. En slik innfallsvinkel vil være aktuell på områder som kommersielle navn, kallenavn, dyrenavn og slengnavn. Annette Torensjö, sjef for stedsnavnforvaltningen ved Lantmäteriet (som Kartverket heter i Sverige), hadde det andre plenumsforedraget, «Ortnamnsinnsamling igår och idag, ny teknik, nya metoder?». Torensjö forklarte med fine illustrasjoner hvordan ny IT-teknologi og sosiale medier

gjør det mulig å innhente og distribuere navnetilfang på en mye mer utstrakt og fleksibel måte enn tidligere. Bruk av IT-teknologi var også tema for Peder Gammeltofts seksjonsforedrag seinere, der han demonstrerte hvordan en database kan avsløre betydningsammenhenger mellom navn som navneforskere hittil ikke hadde oppdaget.

Aspekter ved navn og kjønn var tema i flere av fordragene. Emilia Aldrin tok for seg nylaga fornavn, Kendra Willson islandsk navnetilfang, mens Miriam Schmidt-Jüngst tok opp navnevalg i forbindelse med kjønnskifte. Særlig interesse knyttet det seg til Damaris Nüblings foredrag «The phonetic gender score of German first names and nicknames». Nübling, som er ansatt ved universitetet i Mainz, Tyskland, har gjort nyskapende forskning på fonologiske strukturer i jente- og guttenavn og sett på hvordan mønstre endrer seg over tid. (En masteroppgave der et norsk personnavnmateriale er gransket på en liknende måte, er nettopp levert inn ved Universitetet i Bergen.) Ellers bød programmet på innlegg om uoffisielle navn på kjøretøyer (Janne Seppälä), yngre bebyggelsesnavn (Berit Sandnes), navneskifte blant sjællandske bebyggelsesnavn gjennom seks hundre år (Johnny Jakobsen), navn på selskapsdyr (Katharina Leibring), kontekstens betydning for forståelsen av kallenavn (Linnea Gustafsson), bruk av pseudonymer i ulike sammenhenger (Tomas Nilsson, Kristina Hermansson), navn i virtuelle verdener (Charlotte Hagström), for bare å nevne noe. Terhi Ainiala fortalte om et kurs i urbane navn hun hadde gjennomført der studenter mot avslutningen fikk i oppgave å være navneplanleggere i Helsingfors. Under foredraget presenterte Ainiala navneforslag som studentene satte fram.

Videre var navn i flerkulturelle og flerspråklige miljøer tema i en rekke av innleggene. Marit Frandén tok opp temaet innvandrede personnavn i Sverige. Minna Nakari orienterte om en undersøkelse av innovasjoner i skogfinnenes tilnavnsbruk i Midt-Sverige og i de norsk-svenske grensetraktene, der det på 1500- og 1600-tallet var en innvandring av folk fra østfinske områder. Blant disse østfinnene hadde det siden 1200-tallet vært skikk med faste slektsnavn. Nakari har undersøkt hvordan denne slektsnavnbruken utover på 1700- og 1800-tallet i stor grad ble avløst av typen farsnavn og gårdsnavn. Fra Danmark tok Rikke Steenholt Olesen for seg noen sjeldne personnavn i Danmark som viser seg å ha bakgrunn i en innvandring av hollendere til Amager på 1500-tallet. En sterk oppkallings-skikk innen disse familiene har gjort at noen slike sjeldne navn av hollandsk opphav, f.eks. kvinnenavnet *Leudo*, har vært i bruk i Danmark helt til våre dager. Leila Mattfolk fra Helsingfors presenterte en granskning av foretaksnavn i svensk-finske tettsteder med blandet svensk og finsk befolkning, som viser at engelske navn brukes i meget stor utstrekning og på denne måten danner en kompromissnavngivning mellom to ikke-engelske, konkurrerende språk. Johanna Virkkula fortalte om nye navn i Bosnia og Hercegovina, og Valerie Neklesova gjorde greie for det onomas-

tiske landskapet i Ukraina, der mange typer navn inngikk. De to sistnevnte bidro på denne måten til å gi dette innholdsrike og på alle måter svært vellykkede NORNA-arrangementet et visst internasjonalt preg.

### Litteratur

Lie, Hallvard. 1967. *Norsk verzlære*. Oslo.

NRO = *Norsk riksmålsordbok*. Utg. av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur. Utarb. av Trygve Knudsen og Alf Sommerfelt under medvirking av K. E. Bødtker, Ulrik Mørk, J. Mørland, R. Ullmann. Oslo 1983.



Torsdagen var innholdsrik, med blant annet guidet byvandring i Halmstad. Akkurat da plaskregnet det, seinere klarnet det av og sola kom fram. Til venstre omviseren Johan Dahnberg, som fortalte mye spennende fra Halmstads historie.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uis.no

FN-NYTT

### MØDE I DEN NORDISKE DIVISION AF UNGEGN, TALLINN 18. SEPTEMBER 2013

Mødet blev holdt som et fællesmøde med Den baltiske divisionen og et seminar med tittelen «Integration of onomastic data into geospatial infrastructure». Deltagerne blev hilst velkommen af formanden i Den nordiske division, Peder Gammeltoft, Danmark. De øvrige danske deltagere var

John Jensen og Rune Lyngbo Kristensen. Finland var repræsenteret ved Teemu Leskinen, Sirkka Paikkala og Leila Mattfolk (Finland). Fra Norge kom Marit Eira Gaino, Botolv Helleland, Kjetil Ringen og Anne Svanevik og fra Sverige Leif Nilsson, Staffan Nyström, Annette Torensjö, Mats Wahlberg og Per Vikstand.

## **Om sidste års virksomhed i de enkelte lande**

### *Danmark*

Fra 1. januar 2013 skiftede Kort- og Matrikelstyrelsen navn til *Geodatastyrelsen* og samtidig blev en stor del af styrelsens geografiske data frigivet til offentlig og privat brug. De frigivne data indeholder topografiske data og matrikeldata, ortofotos, højdemodellen og stednavne. Søkortdata er ikke indeholdt i frigivelsen, men stednavne på havet er med. Et nyt moderniseret register for Geografiske stednavne er under udvikling. Målet er at gøre stednavne til et effektivt referencedatasæt til brug for e-government. Data-sættet går fra at være målrettet kortproduktionen til et system der også kan indeholde eksterne navneregistre. Geodatastyrelsen er i gang med at producere 65 nye søkort i Grønland i samarbejde med de grønlandske myndigheder. I denne proces tilføjes geometrier til stednavnene (ligesom i resten af Danmark) for at opnå en bedre geografisk placering.

### *Finland*

En ny gazetteer, *List of Finnish names in foreign places*, er udkommet. Bogen indeholder standardiserede finske exonymer eller mere korrekt en liste af de vigtigste finske navne på lokaliteter udenfor det traditionelle finske sprogområde. En ny udgave af *Svenska ortnamn i Finland* er tilgængelig på nettet.

### *Norge*

Under Kulturnatten i Oslo 13. september 2013 foretog Botolv Helleland en guidet tur gennem byen, specielt rettet mod gadenavne og navne på bygninger og butikker. Den Norske Geologiske Forening har noget utraditionelt haft udskrevet en konkurrence om navngivningen af højderyggen ned gennem Norge og Sverige. Der havde været en del undring og protester, især fra Sverige, om denne fremgangsmåde. De foreslåede ændringer til lov om stadnamn er endnu ikke fremlagt i Stortinget. Efter nyvalg i Norge 11. september kan der rykkes ved forholdet mellem «for og imod»-holdningerne. Det årlige møde mellem stednavnekonsulenterne og Kartverket afholdes (blev afholdt) i Ørlandet udenfor Trondheim. I november 2012 blev afholdt en konference med titlen: «Norsk namnegransking i krise?» Denne belyste problemerne med generationsskiftet i norsk navneforskning. Marit Eira Gaino fortalte om arbejdet med samiske stednavne i Norge. Marit udtrykte stor bekymring for at der stadig er mange samiske

stednavne der ikke er optaget i SSR (Sentralt stedsnavnregister). Man har viden om at institutioner, organisationer og folk, især ældre folk, ligger inde med stort kendskab til samiske stednavne og deres historie og oprindelse. Det er derfor en stor skam at disse stednavne ikke er indsamlet og optaget i SSR. For at udbrede kendskabet til disse stednavne, især til de unge, har et af de samiske sprogcentre udviklet en «App»: *Isikte sápmi* til visning af det samiske stednavn når man står ved en lokalitet. Anne Svanevik berettede om et adresseprojekt, som startede i 2011 og forventes afsluttet ved udgangen af 2014. Her vil ca. 86 procent af alle norske adresser kunne relateres til et vejnavn. Arbejdet fortsætter dog efter 2014 indtil adresserne er komplette. I marts 2013 frigav Kartverket stednavnene i SSR til gratis «downloading». De ca. 950 000 stednavne kan tilgås fra «Se stedsnavn» på Kartverkets hjemmeside. Ligeledes er en ny udgave af *norgeskart.no* og en applikation kaldet «Rett i kartet» til indrapportering af fejl og mangler blevet lagt på hjemmesiden. Kartverket er også i gang med at udvikle et nyt stednavneregister. Det første trin er at få alle data med attributter transformeret til en ny moderne struktur og model.

### *Sverige*

Den 1. januar 2014 opdateres Kulturmindeagen og bytter navn til Kulturmiljøagen og samtidig får paragraffen om *God ortnamnsed* en ny formulering. Det svenske udenrigsministerium står for udgivelsen af en ny udgave af *Utrikes namnbok*. Denne indeholder ikke kun landenavne, men også navne på myndigheder og organisationer mm. på svensk, engelsk, tysk, fransk, spansk, finsk og russisk.

### *Internationalt samarbejde*

Staffan Nyström berettede fra et fællesmøde mellem arbejdsgrupperne for exonymer og terminologi. Endnu en gang var der blevet diskuteret en ny definition af exonym og endonym, men der blev ikke enighed om ændringer. Der er planlagt et møde i juni 2014 kun om dette emne. Der vil blive foreslået mindre ændringer i terminologilisten.

Kun få nyheder fra EuroGeoNames-samarbejdet. Projektet kører stadigvæk, men der er sket ændringer i organisationen – dette er måske grunden til at mængden af information derfra har været begrænset. I de nordiske lande kører implementeringen af INSPIRE-direktivet efter planen. Peder Gammeltoft kom med en opfordring til at komme med ændringer og tilføjelser så hjemmesiden hele tiden kan være «up to date».

Peder Gammeltoft kunne berette fra et fællesmøde mellem arbejdsgrupperne Publicity and Funding og Evaluation and Implementation. Her havde man bl.a. set på spørgeskemaerne fra sidste konference og der var gennemgående tilfredshed med forløbet.

Man prøver stadig at få økonomisk hjælp til at så mange lande, især udviklingslande, kan være repræsenteret ved sessioner og konferencer. Der blev spurgt til om man havde overvejet videokonferencer som en mulighed. Hr. Gammeltoft svarede, at det ikke er noget der har været drøftet, men at det kan være en god ide der må undersøges nærmere.

John Jensen, København  
jnj@kms.dk

## SAMORDNING AV NAMNEDATA I STORE DATABASAR

### Seminar i Tallinn 19. september 2013

I samband med fellesmøtet i Den nordiske divisjonen og Den baltiske divisjonen av UNGEGN i Tallinn, Estland, i 2013, vart det halde eit seminar med den engelske tittelen «Integration of onomastic data into geo-spatial infrastructure», som kan setjast om med samordning av namnedata i ein geografisk-romleg infrastruktur (database). I slike store databasar spelar stadnamna ei viktig rolle, og på seminaret vart det drøft kva typar namnedata som bør vera med, og korleis dei kan og bør integrerast i ein «altomfemnande» database. I dette arbeidet har namnegranskarane ei viktig rolle ved sida av kartografar og geografar. Datakompetanse er sjølvsagt òg viktig.

Det var halde ti innlegg på seminaret. *Keith Briggs* frå England diskuterte korleis ein gjennom elektronisk metode kan ta ut historiske namneformer i stadnamnpublikasjonar. Dansken *Peder Gammeltoft* tok for seg metodiske problem ved namnedatasett som ikkje utan vidare er compatible med moderne «geo-spatial» databasar og peika på moglege løysingar. *Dalia Kačinaite-Vrubliauskienė* og *Laimutis Bilkis* presenterte ein omfattande og breitt planlagd stadnamndatabase i Litauen. *Bo Nissen Knudsen* frå Danmark tala om korleis ein kunne få eit meir konsistent grunnlag for namnedata ved å supplera opplysningane i dei tidlegare utgjevne banda av *Danmarks Stednavne*. *Peeter Päll* og *Indrek Küssel* frå vertslandet informerte om korleis namnedata vart integrerte i ein «spatial» (romleg) infrastruktur.

På seminaret var Noreg representert ved *Kjetil Ringen*, som gjorde greie for eit nytt system for innsamling og lagring av stadnamn ved Kartverket. Dei to britane, *Humphrey Southall* og *Paula Aucott*, viste ein metode for «linking places with spaces» (knyta stader til rommet). Latviarane *Vita Strautniece* og *Sanda Rapa* tok for seg stadnamndata i relasjon til den nasjonale geo-romlege infrastrukturen i Latvia. Frå Sverige var det to innlegg: *Annette Torensjö* fortalde om ein ny måte å samla inn lokale stadnamn på, nemleg ved å la folk rundt om melda inn namn til Lantmäteriet



per mobiltelefon. I det siste innlegget på seminaret gjorde *Mats Wahlberg* greie for det digitale estiske namnematerialet ved Institutet för språk- och folkminnen (SOFI).

Samandrag av føredraga er tilgjengelege på denne internettsida: <http://nordendivision.nfi.ku.dk/about/seminars/tallinn130919>.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## ANNA MELDINGSSTOFF



**OLA STEMSHAUG**  
**1936–2013**

Ola Stemshaug døyde 27. august 2013. Med hans bortgang har norsk og nordisk namnegransking mist ein av sine mest markante og produktive forskarar.

Det kunne stå strid om Ola, men han var òg sjølv ein stridsmann. Ei overskrift i *Syn og Segn* i 1969 varsla om ein kampvilje for stadnamnsaka som skulle vara livet ut: «Stadnamna våre – krangleemne og kulturarv». Med det meinte han at det var viktig å halda på ein skrivemåte som tok vare på stadnamna som kulturarv og ikkje lata mistydde eller range skriftformer koma i offentleg bruk. Stortingsvedtaket om å endra stadnamnlova slik at grunneigaren skulle få meir å seia, såg han ikkje på med god hug.

Ola Stemshaug har ei imponerende namnefagleg verksemd bak seg. Tidleg i 1970-åra voks det fram eit sterkt namnegranskarmiljø ved Universitetet i Trondheim. I sentrum for dette miljøet stod Ola. I 1973 gav han ut *Namn i Noreg*, ei lenge sakna lærebok i stadnamngransking. Ho bar undertittelen *Ei innføring i norsk stadnamngransking*. Ola var òg med på å ta initiativet til og å gje ut oppslagsverka *Norsk stadnamnleksikon*, som kom same året som *Namn i Noreg*, og *Norsk personnamnleksikon*, som kom ti år seinare i si fyrste utgåve. Stadnamnleksikonet redigerte han saman med historikaren og namnegranskaren Jørn Sandnes, medan han stod som eineredaktør av personnamnleksikonet. Avgjerande for suksessen til desse to verka var valet av redaksjonssekretærar: Kolbjørn Aune for fyrsteutgåva og Berit Sandnes for fjerdeutgåva av stadnamnleksikonet. I dette prosjektet vart ei rekkje andre namnegranskarar i landet dregne inn som medforfattarar.

For *Norsk personnamnleksikon* vart Kristoffer Kruken engasjert som redaksjonssekretær. Det var òg eit særskild heldig val. I tillegg til leksikondelen inneheldt fyrsteutgåva ei rekkje viktige artiklar om personnamn, mellom anna tre av redaktøren. Ei utvida andreutgåve kom i 1995, og ei omarbeidd tredjeutgåve på heile 668 sider kom i 2013, båd ved Kristoffer Kruken.

Eit anna samarbeidsprodukt frå Ola Stemshaug si hand er artikkelsamlinga *Norske personnamnstudier*. Her har seks studentar frå miljøet i Trondheim fått publisert artiklar med emne frå hovudoppgåvene sine, i tillegg til Stemshaugs eigen artikkel om namnebruken i diktinga til Johan Falkberget. Redaktørverksemda til Ola omfatta òg to symposiumrapportar, den eine *Personnamn i stadnamn* (NORNA-rapporter 33, 1986), den andre (saman med Jørn Sandnes) *Oluf Rygh* (NORNA-rapporter 70, 2000).

Ved sida av *Namn i Noreg* har Ola Stemshaug gjeve ut ei rekkje monografiar og oversynsverk. Han interesserte seg for eit breitt felt innanfor namnegransking, som etymologi, terminologi, normering, namngjeving, namn i litteraturen. Og han var oppteken av tilgrensande disiplinær som språkhistorie, målføregransking, arkeologi. Innsamling av stadnamn og annan språkleg tradisjon låg òg Ola på hjarta. Han gav ut ei lærebok med tittelen *Innsamling av språkleg tradisjon. Ei handbok for innsamling av språkleg tradisjonsstoff*. Normering og bruk av namn var eit anna sentralt felt i den faglege verksemda hans, noko boka *Stridane om bynamna Fosna – Kristiansund* (1991) er uttrykk for. Han har skriva ei lang rekkje artiklar om stadnamnormering (ein omtale av Ola som namnerøktar finn ein i *Venneskrift til Ola Stemshaug* (2007)). Det var då òg naturleg å oppnemna han som namnekonsulent for Midt-Noreg då lov om stadnamn vart sett i verk 1. juli 1991. Dette ombodet hadde han til han døyde.

Ei anna side ved interessa til Ola galdt innbyggjarnemningar. Ein del av det store stoffet han arbeidde med, er utgjeve i *Norske innbyggjarnemningar i overført tyding* (2002). Saman med kollegaer frå Universitetet i Trondheim gav han ut *Trøndersk språkhistorie* (2008), der han hovudsak-

leg har skrive om namn. Eit heilt anna stoff kjem til syne i *Dette leika vi med. Norske leikar frå dei eldste tider til i dag*, som han gav ut saman med kona si, Marit Stemshaug.

I tillegg til dei mange bokutgjevingane har Ola Stemshaug skrive ei mengd artiklar i ulike tidsskrift, artikkelsamlingar, årbøker og liknande. I tidsskriftet *Namn och bygd* 101 (2013) har Inge Særheim gjeve ein fyldig omtale av Stemshaug som forskar og kommentert ei rekkje av artiklane hans. Han var òg ein aktiv medlem i Samarbeidsnemnda for namnegransking.

Ola var fødd og voks opp på Stemshaug i noverande Aure kommune på Nordmøre. Han tok artium på landsgymnaset i Orkdal i Sør-Trøndelag. Han gjekk opp til embetseksamen ved Universitetet i Oslo i 1965 med fagkrinsen geografi, historie og norsk, det siste som hovudfag. Tittelen på hovudoppgåva var *Stadnamn frå Stemshaug*, bygd på lokalt innsamla namnetilfang frå heimbygda, ein modell som mange hovudfagsstudentar fylgde på den tida og eit par tiår framover. I 1966 vart han tilsett som forskingsstipendiat ved Noregs lærarhøgskule i Trondheim, og som rekrutteringsstipendiat frå 1967. I 1970 vart han tilsett som amanuensis i norsk språk ved Lærarhøgskulen. Fire år seinare fekk han opprykk til fyrsteamanuensis. I 1993–95 var han styrar for Nordisk institutt ved Universitetet i Trondheim (seinare Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet – NTNU).

Då dosent Per Hovda ved Institutt for namnegransking i Oslo gjekk av for aldersgrensa 31. desember 1978, vart det ledige dosenturet lyst ut, alternativt som eit toårig utdanningsstipend. Ola Stemshaug var tilsett som utdanningsstipendiat hausten 1981. Han kom til Oslo for å gje undervisning, men heldt seg elles i Trondheim og vart verande der etter stipendiatperioden.

Ola gjekk av for aldersgrensa i 2006. I det ovannemnde veneskriftet han fekk året etter, lyder siste avsnitt i artikkelen om Ola som namnerøktar slik:

Ola Stemshaug har runda 70 år, og det tyder eit formelt pensjonisttilvære. Men han har sikkert ikkje tenkt å leggja namnegranskinga til side, og heller ikkje slutta som namnerøktar. For han trengst, både som namnekonsulent og som refsar i eit samfunn der tradisjonelle skriftformer meir enn nokon gong utfordrar den nedervde uttalen som grunnlag for stadnamnormering.

No har han måtta leggja inn årene, og ein sentral namneforskar og refsar har forlate oss. Han vert sakna i fagmiljøet. Og for den kjære kona hans, Marit Stemshaug, har kvardagen vorte tyngre.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## GUDRUN UTTERSTRÖM 1928–2013

Biträdande professor emeritus Gudrun Utterström, Huddinge, har avlidit i en ålder av 85 år. Efter disputationen 1968 vid Stockholms universitet på en filologisk avhandling, *Metta Ivarsdotters brev till Svante Nilsson. Studier i senmedeltida brevspråk*, verkade hon vid Umeå universitet (1969–82), Svenska handelshögskolan i Helsingfors (1982–83) och Åbo universitet (1984–92).

Viktiga uppsatser av hennes hand från 1970-tal och framåt behandlar de svenska landskapslagarna, varvid hon främst diskuterar deras ålder och de kriterier som använts i den kronologiska diskussionen. Hennes inlägg ifrågasatte tidigare forskning, är klart beaktansvärda och har därför vunnit en del stöd. En syntetiserande monografi på området kom däremot aldrig att förverkligas, vilket man får beklaga.

Det är som personnamnsforskare Gudrun gjort sina viktigaste vetenskapliga insatser. Hon utgav tre större monografier. Den första, *Tillnamn i den karolinska tidens Stockholm* (1976), behandlar dels den borgerliga rådsretsens namnskick, dels tillnamnsskicket som det kommer till uttryck i Stockholms barnhusböcker. Beträffande rådsretsens namn konstateras att de ärvda tillnamnen från att under 1600-talets första del ha varit ytterst få vid den karolinska tidens slut blir vanliga. Namnmönstren växlar under perioden, och detta beskrivs i monografien i detalj. Även namnstrukturen som finns i Stockholms barnhusböcker detaljstuderas, och inte minst de olika mönster som används vid bildningen av flickornas tillnamn ger oss goda inblickar i dåtidens innovationstendenser. Författaren redovisar sorgfälligt den till grund för slutsatserna liggande empirin, och vid arbetet med tolkningarna görs många goda och fantasifulla iakttagelser.

År 1985 kom boken *Släktnamn. Tillkomst och spridning i norrländska städer*. Undersökningen omspannar tidsperioden från 1600-talets mitt till 1800-talets början, och berör namnskicket i städerna från Gävle i söder till Torneå i norr med en intensivstudie av Piteå och Luleå. Många iakttagelser görs, bl.a. beträffande de inspirationskällor som finns för släktnamnen. Anknytning sker exempelvis ofta till ortnamn: från Roknäs kom *Rook/Rokman*, från Kallax *Lax* och *Callin*, från Sundom *Sundin* och *Sundström* etc. Utterströms monografi är en referenspunkt av bestående värde på området.

Tio år senare publicerades boken *Dopnamn i Stockholm 1621–1810* (1995). Uppenbarligen spelar flernamnssystemet en avgörande roll för utvecklingen av det svenska dopnamnsskicket. Det finns helt plötsligt större möjligheter att namnge ett barn efter personer utanför släkten men samtidigt finns förstas retarderande krafter. I ett femtiosidigt kapitel i boken med den betecknande rubriken «En brokig exempelsamling med kommentar» presenteras en fyllig och på sina ställen underhållande katalog

av dopnamn i Stockholm. Boken illustrerar utmärkt hur originellare, nyare namn allteftersom vinner indesteg – med bokens slutord: «Namnskicket blev mer dynamiskt. Världen vidgades.»

Hon kom även att intressera sig för namn och språk i den svenska kolonin i Delaware vid 1600-talets mitt. Gudrun skildrar i flera artiklar det svenska «experimentet» i kolonin och beskriver därvid bl.a. de ortnamn som bevarats på de historiska kartorna.

Gudrun Utterströms forskning rörande ett äldre släktnamns- och dopnamnsskick i svenskan baseras på genomgången av stora korpora, där namnen struktureras ur flera perspektiv och olika innovationsförlopp synliggörs. Författaren har en påtaglig fallenhet att finna talande exempel som ger goda inblickar i namnbildarnas tankevärld i äldre tid, och intresserar sig inte minst för personhistoriska och genealogiska förhållanden. Hennes breda historiska intresse illustreras ofta i personnamnsstudierna.

Gudrun var som universitetslärare inte bara engagerad som forskare, hon var också en omtyckt lärare för studenter på olika nivåer och framför allt en energisk handledare. Som människa var hon varm och generös, och en humoristisk berättare som inte minst hade förmågan att se sig själv med befriande distans. I hennes sällskap var det lätt att trivas.

Lars-Erik Edlund  
lars-erik.edlund@nord.umu.se

## NY UTGÅVE AV *NORSK ETTERNAMNLEKSIKON*

Til revisjonen og oppdateringa av dette leksikonet vil eg setja stor pris på om lesarane av *Nytt om namn* kunne melda inn feil og manglar dei har oppdaga i fyrsteutgåva frå 2000 eller den lett reviderte utgåva frå 2001.

Opplysningar om enkelte etternamn kan stundom vera så familiebundne at ein må venda seg direkte til berarar for å få ei forklaring på opphav og eventuell tyding, men av praktiske grunnar kan ein ikkje i alle tilfelle venda seg til familiemedlemmer når ein er i tvil. I den talrike kategorien gardsnamn finst ikkje berre namn frå registeret til *Norske Gaardnavne*, men også nyare gardsnamn eller bruksnamn (plassnamn) som i mange tilfelle berre er omtala eller forklarte i lite tilgjengelege bygdebøker eller årsskrifter til lokale sogelag.

Eg tek sjølv sagt mot alle kommentarar til einskildnamn i leksikonet med takk. Dei kan sendast til e-postadressa mi.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## MARKERINGAR 2013

### Norsk namnelag 30 år

Norsk namnelag vart skipa 18. november 1983 og rundar såleis 30 år i 2013. Skipinga gjekk føre seg på Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking på Blindern. I føremålsparagrafen som vart vedteken på skipingsmøtet, lyder fyrste avsnittet i paragraf 1 slik:

Norsk namnelag har til føremål å vekkje interessa for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern. Det gjeld stadnamn, personnamn, namn på husdyr osv., dvs. heile namneskatten i samfunnet, medrekna samiske og finske (kvenske) namn.

Det vart òg vedteke at laget skulle gje ut eit tidsskrift og eit meldingsblad som skulle koma ut høvesvis med eitt og to nummer i året. Som fyrste leiaren i Namnelaget vart Reidar Djupedal vald. Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes vart valde til redaktørar av tidsskriftet *Namn og Nemne*, medan Botolv Helleland vart vald til redaktør av meldingsbladet *Nytt om namn*.

Ved utgangen av 2013 hadde tidsskriftet kome ut med 30 årgangar, medan meldingsbladet hadde kome ut med 57 nummer. Ved 25-årsmarkeringa i 2008 hadde Olav Veka ein leiar i *Nytt om namn* nr. 50, der han viste til den breie folkelege interessa i Noreg for namn og namnegransking, og kva rolle denne interessa spelar for å halda oppe ein organisasjon på nærare 400 medlemmer. Det er å vona at denne interessa vil halda seg i åra som kjem.

### Eit 50-årsminne

Ein av dei store i norsk namnegransking, Magnus Olsen, vart fødd i 1878. Han døydde 16. januar 1963, altså for 50 år sidan. Ved sida av dei mange utgjevingane innanfor namn og filologi generelt gjorde Magnus Olsen ein imponerende innsats som utgjevar av tidsskriftet *Maal og Minne*, eit ombod han hadde frå skipinga i 1909 til 1950, i heile 40 år. Dette vart markert med Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking i Språkrådet 19. november 2009. Føredraga er publiserte i *Nytt om namn* nr. 50.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

NAMN PÅ *GALN-*

I området rundt Bodø er det nokre stadnamn som byrjar på *Galn-*, som *Galnåsen* og *Galnhaugen*. Karl Åge Moe, som arbeider med kart og oppmåling i kommunen, har undra seg over desse namna og spør om kva tydinga kan vere. I eit forsøk på å svare på dette kom det fram at namn på *Galn-* slett ikkje er så uvanlege. Nedanfor har eg samla stadnamn som eg har funne ved hjelp av ulike kjelder. Det er namnebøker, hovudoppgåver, N50-kart (den topografiske hovudkartserien utgitt av Statens kartverk) og Landsregisteret ved Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo. Namna er ordna fylkesvis, og uttale er notert der han er registrert.

## Finnmark:

*Galnetjørna*, namn på eit lite vatn i utmarka i Sør-Varanger (N50 2333–2).

## Troms:

*Galnslåtta*, namn på eit gardsbruk i Hillesøy i Tromsø (NG XVII, s. 87).

*Galntuene*, før namn på ei høgd i Ibestad (Mikkelsen 1995, s. 215, 314).

*Galnmyren*, før namn på ei myr eller våtlende i Ibestad (Mikkelsen 1995, s. 215, 314).

## Nordland:

*Galnhaugen*, namn på ein haug i Bodø (opplyst av Karl Åge Moe 2011).

*Galnåsen*, namn på ein ås i Bodø (opplyst av Karl Åge Moe 2011).

*Galnheia* ["ga:ɲheie], namn på ei hei i Vega (AN, ved Brynhild Engen 1975).

*Galnmoen*, namn på ein mo i Grane (N50 1926–3).

## Sør-Trøndelag:

*Galnåsen*, namn på ein åsrygg i Malvik (N50 1621–1).

## Møre og Romsdal:

*Galnebakkane* ["galnebakkane], namn på bakkar i Vartdal i Ørsta (AN, ved Asbjørn Øye 1972).

## Hordaland:

*Galnasetra* ["galnasætre], ei seter i Fusa (AN, ved Asbjørn Øye 1972).

*Galnanipa* [galnani:på], ein spiss fjelltopp i Osterøy (Bruvik 1981, s. 147).

*Galnegrovi*, namn på ein bekk med bratt fall i Voss (N50 1216–2).

## Telemark:

*Galnekollen* i Siljan. Ein markert kolle i utmarka (N50 1713–1).

*Galnliheia* i Drangedal. Ein bratt åskam i utmarka (N50 1613–3).

Østfold:

*Galnemeiet* [ˈgæːnəmæiə], namn på ein fiskestad i Drøbak (Indrebø 1929, s. 73).

Sverige:

*Galnabäck*, ein bekk i Albo härad i Skåne (DSÅ II, s. 190).

Danmark:

*Galnelung*, ei torvmyr i Svendborg amt (DS XV 201, s. 238).

### Ulike forklaringar

Det er foreslått til dels svært ulike forklaringar på desse namna, men dei fleste ser eit adjektiv *galen* i forleddet. Bruksnamnet *Galnslåtta* i Troms forklarar Karl Rygh av adjektivet *galen* og tenkjer seg at dette «formodentlig» var ei «daarlig, vrang Slaatteng» (NG XVII, s. 87).

John Kousgård Sørensen (DSÅ II, s. 190) forklarar namnet *Galnabäck* i Skåne av same adjektiv, men har elles ingen kommentar om kvifor bekken er «galen».

Fiskestaden *Galnemeiet* i Drøbak kan ha fått namnet sitt fordi det var vanskeleg «å få bakkone [fiskelinene] upp der», skriv Gustav Indrebø (1929, s. 73), så han må også tenkje seg adjektivet *galen* som mogleg forledd.

Det danske namnet *Galnelung* blir i *Danmarks Stednavne* (DS XV 201, s. 238) også forklart av adjektivet *galen*, men her i tydinga ‘dårleg’ med tilvising til uttrykk som ‘ein dårleg fot, auga osv.’. Etterleddet *-lung* er brukt om ei torvmyr, så namnet fortel i så fall om ei dårleg torvmyr.

Eva Forsaa Mikkelsen (1995, s. 314) skriv om namna *Galntuene* og *Galnmyren* i Ibestad at forklaringa er usikker, men nemner *gallbær* (giftplante) og *gald* m ‘bratt og vanskeleg veg’ som mulege forklaringar på namneleddet *Galn-*.

Den mest sannsynlege forklaringa meiner eg Audun Bruvik (1981, s. 147) set fram. Namnet *Galnanipa* i Osterøy forklarar han med adjektivet *galen* ‘voldsom, rasende’, brukt om ein stad med kraftig vind og vêr. Bruvik viser til Aasen (1873, s. 205) som har med denne bruken av ordet *galen* i ordboka si, og med døma «Ein galen Storm»; «Eit galet Veder (Veer)». Same tyding for adjektivet *galin* er notert i den svenske ordboka for «medeltidsspråket» (Söderwall 1918, s. 382): «våldsam, häftig (om väder el. vind)». Og her er me kanskje inne på det som er den mest sannsynlege forklaringa på dei fleste av desse namna, dei fortel om vêrharde stader.

Det norrøne adjektivet *galinn* er registrert med tydinga ‘forgjord, fortrolla; galen, ustyrlig, vill’ (NorrO 197), tydingar som i dag til vanleg er knytte til menneske og dyr, jf. *galnehespe*, *galnehest*, *galnekrotter* osv. (NO III, sp. 1334 f.).



Dei fleste av desse *Galn-* og *Galne-*namna ser ut til å vere samansette med terrengnemne som er vanlege å bruke i utmark, jf. *hei, myr, li, ås*. Fleire av stadene ligg då også i utmarka, dvs. utanfor der folk til vanleg bur, kanskje nettopp fordi det er for vêrhardt der.

Den andre forklaringa eg vil trekkje fram, er samansetjinga *galnebær* n, eit plantenemne laga til *galen* fordi bæra kunne gjere ein person vanvitig, skal ein tru *Norsk Riksmålsordbok* (NRO I, sp. 1440). *Galenbær/galnebær* n er ein giftig plante av søtvierfamilien, brukt mellom anna mot astma og kolikk, står det i *Norsk Allkunnebok* (NA I, sp. 942). Men det er usikkert kor utbreidd nemninga *galnebær* har vore. Ove Arbo Høeg har til dømes ikkje nemninga *galnebær* med i boka *Planter og tradisjon* frå 1974, ei bok som elles inneheld det meste av ulike norske plantenemne. Likevel kan me ikkje sjå heilt bort frå at giftige planter kan ha gitt namn til nokre av stadene med namn på *Galn-* eller *Galne-*. For å avgjere dette trengst det lokal kjennskap.

### ***Galnåsen og Galnhaugen i Bodø***

At namn på *Galn-* kan fortelje om vêrharde stader, fekk eg prov på i svarbrevet frå Karl Åge Moe då eg bad han vurdere forslaga til forklaring av *Galn-*namn. Om stadnamna *Galnåsen* og *Galnhaugen* i Bodø skriv Moe mellom anna (7. august 2011):

Takk for interessant svar! Og joda, det gir mening, det der med at området skal være utsatt for vind. Begge de eksemplene jeg har nevnt [*Galnåsen* og *Galnhaugen*], ligger åpent for sørvesten, som er en vindretning Bodø-folk frykter. Da kommer vinden inn fra Saltenfjorden, uten noen skjerming. Så den er slett ikke usannsynlig, den forklaringen.

### **Kjelder og litteratur**

AN = Opplysningar og belegg frå setelarkivet i Namnegransking, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo. Særleg er brukt Landsregisteret med tilvising til oppskrivar og år.

Bruvik, Audun. 1981. *Stadnamn frå Bruvik*. Hovudoppgåve ved Universitetet i Bergen.

DS = *Danmarks Stednavne*. Utg. av Stednavneudvalget / Institut for Navneforskning. 1-. København 1922-.

DSÅ = John Kousgård Sørensen. *Danske sø- og ånavne*. I–VIII. København 1968–1996.

Høeg, Ove Arbo. 1974. *Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925–1973*. Oslo – Bergen – Tromsø.

Indrebø, Gustav. 1929. *Stadnamn fraa Osloffjorden*. Oslo.

Mikkelsen, Eva Forsaa. 1995. *Stedsnavn i Ibestad. Navnedød*. Hovudoppgåve ved Universitetet i Tromsø.

N50 = Topografisk kartserie utgitt frå 1955 i målestokk 1:50 000 (før serie M711) av Norges geografiske oppmåling / Statens kartverk. Kartserien inneheld offisielt godkjende namneformer i samsvar med lov om stadnamn frå 1990.

NA = *Norsk Allkunnebok*. I–X. Oslo 1948–1964.

NG = *Norske Gaardnavne*. I–XIX. Kristiania/Oslo 1897–1936.

NO = *Norsk Ordbok*. I–. Oslo 1966–.

NorrO = *Norrøn ordbok*. 5. utgåve av *Gamalnorsk ordbok* ved Marius Hægstad og Alf Torp, ved Erik Simensen, Oslo 2008.

NRO = *Norsk riksmålsordbok*. I–IV. Oslo 1937–1957. Supplementsbind V–VI. Oslo 1995.

Söderwall, K. F. 1918. *Ordbok öfver svenska medeltids-språket*. I–II. Lund 1884–1918.

Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania.

Margit Harsson  
margit.harsson@iln.uio.no

## BOKOMTALAR

### STADNAMN FRÅ TYSFJORD

Svein R. Sommerset: *Stedsnavn i Mannfjorden. Tysfjord kommune. Med vekt på topografi, historie og arbeidsliv*. Bind 1–3. Tysfjord lokalhistorielag og forfatteren. 2009 (2. opplag 2010).

Svein Sommerset har gitt ut eit trebindsverk med tittelen *Stedsnavn i Mannfjorden i Tysfjord kommune*. Bokverket er ei blanding av gardshistorie, ressursutnytting, arbeidsliv og folk – og stadnamn. Bind 1 omfattar ei innhaldsliste og ein innleiande del, eitt kapittel om garden Tørnes og eitt om garden Sommersæt. Bind 2 inneheld eigne kapittel om kvar av dei fire gardane Mosken, Innermannfjord, Kjårnes og klakkar og fiskeméd i ytre Mannfjorden. I tillegg er det eit tredje bind med register og kart. Totalt er det eit bokverk på imponerande 1426 sider. Bokverket er trykt i enkelt A4-format.

Svein Sommerset kallar seg for amatør. Han har samla materiale frå tidleg i 1990-åra, og han har hatt hjelp frå namnefaglege personar og historikarar. Det er imponerande at ein «amatør» legg fram eit så omfattande materiale.

Eit av dei interessante perspektiva i bokverket er forholdet mellom norsk, finnagiella og lulesamisk. Viss vi ser bort frå ein del polemiske

poeng i innleiinga, greier Sommerset å få fram at det har eksistert ein sjøsamisk dialekt, finnagiella («finnespråket»), som har skilt seg ut frå den lulesamiske dialekten i området. Just Qvigstad undersøkte den sjøsamiske dialekten i området sist på 1800-talet, men han møtte ein utdøyande dialekt. Men Sommerset meiner at finnagiella har overlevd i ein del av stadnamna.

Eitt eksempel kan vere matrikkelgardane Inner-Tørnes og Ytter-Tørnes. Av dei 305 namna under desse gardane er det rundt 25 namn der eit samisk opphav i eitt eller alle namneledda blir drøfta, f.eks. *Berrgoppi*, *Funta* (*Funtaelva*, *Funtafjellet*), *Galtma-* (*Galtmabergan*, *Galtmahågen*), *Gittsjalåma*, *Gufanarka*, *Skaltarvarrvi*, *Suppabalka* berre for å nemne nokre av dei mest opplagde.

Dessverre blir finnagiella-perspektivet litt borte i drøftingane av desse namna, men for ein samisk-kunnig kunne det vore interessant å følgje det sporet som Sommerset skisserer om eit finnagiella-språkleg grunnlag.

Registerbindet viser at det er rundt 1500 namn frå dei fem–seks matrikkelgardane som er registrert og omtalt. Det vitnar om eit rikt namnetilfang på eit lite område. Dette vitnar også om eit grundig arbeid med innsamling både i marka og i skriftlege kjelder. Her er heile sytti namngitte lokale informantar, og det er dessutan brukt matriklar, folketeljingar, utskiftingsforretningar, utskiftingskart og liknande utan at vi får eit samla oversyn over desse kjeldene.

Dei munnlege kjeldene, informantane, har vore med på å kartfeste namna, men for fleire av dei skriftlege kjeldene har dette ikkje vore mogleg, rett og slett fordi namna har blitt borte. Dette vitnar om ein namndaude som kanskje hadde fortent ein eigen plass. No brukar Sommerset berre det merkelege omgrepet «alias» om denne typen namn. Omgrepet «alias» blir også brukt om stader med dobbelnamn.

Dei fleste namna er normalisert i skrift, men for nokre få finst det uttaleopplysningar. For å få fullenda verket hadde det vore ein fordel med nøyaktige uttaleopplysningar om alle namna, men det er vel litt for mykje å vente i eit slikt verk. Skriftbildet gjengir likevel namnematerialet rimeleg godt.

Kartfestinga varierer litt. Nokre namn er kartfesta på til dels dårlege kart. Andre er kartfesta i teksten med avstandar og retningstilvisingar. Når ein står på staden og er kjent med namna, kan avstandar og retningar fungere, men i eit bokverk bør namna kartfestast.

Dei fleste namna har ei utdjupande forklaring. Eit eksempel kan vere *Kjelberget* i Ingermannfjorden som er eit 60 meter høgt og 200 meter langt berg. Her drøftar Sommerset først om det er forma etter ein kaffikjel som har gitt berget dette namnet. Han går så over til at det er ein augårsklakk som kan ha gitt berget namnet. Her bruker han tysfjerdingen Johan Hveding si *Håløygsk ordbok* som fortel at *kjel* kan brukast om djupner i sjøgrunnen, fiskedjupner, der særleg augåren står. Dette blir også stadfesta

av ein av informantane. Men i teksten dukkar ein annan informant opp med opplysninga om namnet *Geibme-bakte* (= *Kjelberget*). Dette samiske namnet blir ikkje nærmare drøfta, men det blir parallellnamna *Kjilhola* og *Kjilbauta* (= *Geibmebakte*), der sisteleddet *-bauta* blir sett i samband med det sjøsamiske *bauta* (*bauti*) (utan kjeldetilvising) i tydinga ‘bratt flog’.

I det heile og store hentar Sommerset dei utdjupande namneforklaringane frå svært ulikt hald. I tillegg til lokale informantar blir det i mange samanhengar brukt ymse litteratur for å forklare namn og levesett. Ofte er desse sekundærkjeldene berre siterte, og sjølv om ein kan sjå ein utydeleg konklusjon i kvar namnetolking, blir det likevel ein altfor omfattande sitatbruk utan nokon grundig kjeldekritikk. Her hadde nok bokverket tent på ei kraftig innstramming med vekt på lokale informantar, som i denne samanhengen må seiast å vere dei beste kjeldene, og meir konkrete forslag til namnetolking.

Innleiingsvis blir dei ulike matrikkelgardane presentert. Matrikkelgarden gnr. 39 *Kjårnes* (*Tjårro*) blir f.eks. presentert med opplysningar om uttale, omtale i litteraturen, sedelegheitshistorie, skildring av jordsmonn, tjårrositat frå ulike kjelder, gardshistoria 1804–1913 (men ikkje lenger), inkludert folket på garden og bruksdelingar. Etter at skylddelingsforretninga frå 1913 og ei jordskiftesak frå 1967 er gjennomgått, får vi eit oversyn over dei ulike bruka. Dette bruksoversynet på fjorten sider inneheld opplysningar om bygningar, folk, grenser, hestar og traktorar, fornminne, beiterettar m.m. Alt i alt er dette eit (litt for) ustrukturert oversyn over ei gardshistorie meir enn eit namnemateriale, og med ei omstrukturering kunne dette vore eit godt grunnlag for ei slik gardshistorie.

Det lokalhistoriske tilfanget finn vi også igjen i behandlinga av både innmarks- og utmarksnamna. Det gjeld for eksempel grisehald (*Galten*), drukningssoge (*Mannberget*), historier om gauken (*Gjøgnæsberget*, *Gauknes*), oter (*Oterhola*, *Oterjohågen*), granplanting (*Granberget*), dans (*Dansarplatten*), kjøreoksar (*Girkomgirki*), osv. Her vandrar Sommerset langt utanfor det namnefaglege feltet, fleire stader er han også langt utanfor Tysfjord i eksempla sine. Balansegangen mellom kulturhistorisk bakgrunn og namnetolking er vanskeleg, men her bikkar det litt for ofte over i utflytande kulturhistorie. Når det i tillegg er henta stoff utanfor det aktuelle området, blir dette ikkje berre lokalhistorie, men i mange tilfelle rett og slett berre sitat.

Sommerset har heilt tydeleg hatt eit stort materiale som han har ønskt å gjere offentleg tilgjengeleg. Men ein skal vere svært interessert dersom ein sett seg ned og les bokverket frå perm til perm. I eit anna format, ispedd bilde og ordentlege kart, og med ei kraftig innstramming og ny gjennomgang av teksten til enten å gjelde berre stadnamn eller til å gjelde gardshistoria, ville dette ha blitt ei bok eller fleire bøker som ein ofte ville

komme til å hente fram frå bokhylla si. Det er å håpe at Sommerset tar ei slik utfordring om å vidareutvikle materialet sitt.

Det er svært positivt at Sommerset har med eit eige registerbind. Dette gjer at det enorme tilfanget han har samla inn, er lett tilgjengeleg. I tillegg til stadnamna er her også eit nyttig register over grunnord. Dette trebinds-verket vil derfor vere eit nyttig oppslagsverk for dei som arbeider med tilsvarande namnemateriale. Svein Sommerset skal derfor ha all mogleg ære for det verdifulle kjeldematerialet som han her legg fram etter mange års grundig innsamling og nedskriving.

Magne Leon Heide  
magneheide@hotmail.com

### **BUSTADNAVN I ØSTFOLD BIND 11**

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. 11. *Onsøy*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2012. 403 sider.

Mange i Onsøy har sett fram til denne boka med løsnings på tallrike lokale gårdsnavnmysterier. Det var stort frammøte hos historielaget da boka ble presentert, og salget var godt både der og senere.

Boka er faglig grundig. Det er tett med språkhistoriske fakta og argumentasjon. Grunnlaget er et stort manus skrevet av stedsnavnforskeren Kåre Hoel. Tom Schmidt har fulgt opp med grundige vurderinger av tidligere tolkingar hos Kåre Hoel, Oluf Rygh i *Norske Gaardnavne*, Terje Schou i bygdeboka *Onsøys historie* (1994–) og annet lokalt stoff fra Onsøy, fra Østfold ellers og fra Sverige. I mange tilfeller er det helt nye tolkingar av Tom Schmidt. Han går blant annet grundig inn på språklige data og hensyn som tidligere ikke er vurdert eller nevnt. Som det går fram av boka, er mange av tolkingene usikre.

Denne omtalen begrenser seg til noen kommentarer til vokalismen i noen navneledd. Lydskrifta er Norvegia.

#### ***Haug og haga***

For flere navn der «haug» er del av skriftforma i lokal bruk og på kart, har Rygh, Hoel og Schmidt vurdert opphav. Schmidt har gått grundig inn i talemålsundersøkelser, med ei flott opprydding. Nedafor følger en kort oversikt og ekstra opplysninger med eksempler fra boka.

Navneleddet *haug* i Onsøy kan ha to ulike gammelnorske opphav, enten *haug(r)* eller *haga* (form av gno. *hagi*) i betydninga ‘havnehage’. Dialekten

har utvikling av gno. *ag* til [æv], som i *haga* til [ˈhævæ], jf. *have*. Uttalene for disse er [hæv] og [ˈhævæ], begge uten [g]. Uttalen er [æv] med klar friksjon for *v*-en og ikke [u] uttalt med runda lepper. I boka er de ført med diftongen /æu/ som fonemisk transkripsjon. For [ˈhævæ] av det tostava *haga* har dialektforma tonelag 2, som det også har i bestemt form [ˈhævæn]. Det gno. enstava *haug* får tonelag 1 i bestemt form [ˈhævən], med lyden schwa i endinga, [ə], dvs. en tilbaketrukket e. Ulikhetene for navna i dagens tale er da både tonelaga og endingene [æ] eller [æn] til forskjell fra [ə] og [ən]. Trass i disse forskjellene har mange av navna med *haga*-opphav lokalt og på kart blitt tolka som ‘haug’ og ikke som ‘hage’. I boka er hage-betydninga normert til *Haga* eller *Hagen*.

Ved ett av gårdsbruka, *Øtnehagen* (gnr. 85/7, s. 193), ligger en sten med teksta «Utnehaugen», som på offisielle kart. *Hagen* (gnr. 91 i boka, uten bnr.; s. 199) blir normalt kalt *Haug* og dels uttalt [ˈhævæn]. Dette omfatter gnr. 88/3, 88/19 og 91/35, adressene Elingårdsveien 29 og 31. En tredje gård, *Haga* (*Hauge*) (gnr. 49, s. 117), som er midtpunkt på tettstedet Gressvik, har normalt blitt kalt *Hauge*, i alle fall siden jeg gikk på Onsøy ungdomsskole der sist i 1960-åra. Eldre uttale er [ˈhævæ]. Rygh normerer gnr. 49 til *Hauge*, men skriver at «det vilde være riktigere nu at skrive Haga» (s. 117).

Det er rimelig å regne med at [ˈhævæ] og [ˈhævæn] lettere blir oppfatta blant folk flest som *Hauge* og *Haugen* enn som *Haga* og *Hagen* pga. *æv*-uttalen. Dessuten kan det ha skapt uklarhet fordi flere av gårdene med opphavet *haga* ligger rundt gårdene *Hauge* (gnr. 90 og 91).

### **Haugenga**

En av gårdene i området med *Hauge* (av *haug*, gnr. 90 og 91) og *Haug* (av *haga*, bl.a. gnr. 91/35) er *Haugenga* (gnr. 90/1), ført opp med uttalen [ˈhæueŋa] og med opphav i *haug*. Vanlig uttale er [ˈhæviŋæ]. Dette navnet følger samme utvikling for *-eng* til *-ing*, som i boka er omtalt for *Nesteng* (gnr. 66/13, s. 155) med henvisninger til andre gårdsbruk i Østfold og til *Lisleng* i Onsøy (omtalt nedafor). Uttalen [æv] er omtalt ovafor og endinga [æ] nedafor. Gårdsbruket er ført opp som *Hauge østre* hos Statens kartverk (infoark på [norgeskart.no](http://norgeskart.no)).

### **A eller Æ**

At gamle *a*-er fra gno. har fått *æ*-uttale blant annet i Onsøy, går fram av uttaleopplysninger i boka. Dessuten er det mange steder ført opp *a*-uttale der det er vanlig med *æ*-uttale både for navna på gårdsbruka og etter tradisjonell dialektuttale. Det gjelder bl.a. mange tilfeller av *Enga*, *Myra*, *Bukta*, *Standa* og *Lia* usammensatt eller i sammensetninger. Tradisjonell uttale er [ˈeŋæ], [ˈmy:ræ], [ˈboktæ], [ˈstranæ] og [ˈli:æ], i alle fall for bruk

jeg kjenner på s. 246, 187 og 248. *Mossikenga* (gnr. 25/8, s. 65) er ført opp med ["måsikenɡa]. Vanlig er ["måsikenjæ] uten [ɡ] og med [æ].

*Faratangen* er oppgitt med uttalen ["fa:ratən] (gnr. 55/8, s. 133–134), *Haradalen* med ["haradən] (gnr. 35/8.9, s. 86) og *Saltnes* med ["saltnes] (gnr. 124 og 125, s. 277). Tradisjonelle former er ["fa:rətən], ["harədən] med to æ-er, og ["sæltnes]. *Nymark* (gnr. 27, uten bnr.; s. 70) er oppgitt med uttalen ['ny:mark], der Kåre Hoel hadde venta, men ikke funnet, æ-uttale. Stedet har jeg ofte hørt omtalt, og stort sett som ['ny:mærk].

### **Æ eller E**

Noen steder kan det også se ut til være ført inn æ-uttale der e-uttale, ev. i-uttale, har vært det vanlige. Slik er *Engalsviken* (gnr. 112, s. 245) ført opp med uttalen ["æŋalsvi:kən]. Vanlig uttale i dag og tradisjonelt er ["eŋælsvi:kən].

*Lisleng* og *Lilleng* (80, s. 185) er ført opp med uttalen ["læsliŋ]. Og det står: «Oluf Rygh oppgir i NG primært uttalen ‘li'ssling’, men han har også hørt ‘læ'ssling’.» Ingen av de nevnte uttalene ovafor har assimilert (sammensmelte) *s* og *l*. Det står videre: «En lokal informant [...] oppgav i 2010 ["læsliŋ] eller ["leŋliŋ] som den eldre uttalen.» Jeg har hørt uttalen ["liŋliŋ], og kanskje ["leŋliŋ], brukt i sammensatte navn i skauen ved der, som hørte til mitt barndomshjem. Om gårdsbruket har det skriftbundne ["lileng] vært i bruk i alle fall fra midten av 1900-tallet. Æ-uttalene har jeg aldri hørt.

### **Opphav til noen navn**

Tom Schmidt skriver at *Berg* (gnr. 102/14, s. 217) kan ha blitt oppkalt etter Berg-gårder i Eidsberg, der første eier (i 1900) kom fra. Dette var min oldefar. Navnet *Berg* ble valgt etter ei lita bergflate på gårdsplassen, ovafor bua. Vanlig uttale er [bærj], ikke [bærg], som er ført opp i boka.

*Dueberg* (gnr. 19/2, s. 48–49), lokalt kalt *Duberg*, «mellom Mossikhuset og Øtne» er tolka som et berg der villduer holdt til. I boka er det stedfesta til et fjell vist i bygeboka (bind 2, s. 25). Dette er sørvest for og utafor Duberg slik det er avgrensa på kart og av eieren av fjellet og det sørlige Duberg. Ei anna mulig bergflate fins nord i området. Det ble overbygd med tyske skyttergraver under siste krig (referanse til meg i boka gjelder ikke opplysningen i bygdeboka).

Kåre Hoel skriver om *Stene* (gnr. 88 og 89; s. 196–197) at en tilknytning til en stor sten eller en markant bergformasjon neppe er aktuell. Jeg kan legge til at ved husa på et bruk sentralt i området (tidligere gnr. 89/2, nå gnr. 84/5 (Øtne), Elingårdsveien 3) ligger det en tydelig bergtopp med lett synlig bratt side mot vest, lokalt kalt *Knuteberget*, ["knu:tə'bærjə].

Under *Øtne* (gnr. 84 og 85) fins bl.a. gnr. 84/18, som er kalt *Sørli* i 1950-matrikkelen, mens den offisielt blir kalt *Utne* og *Øtne* (bl.a. på yr.no). Folka der har hett *Utne* til etternavn. Lokalt har gården og nabojerder som

hører til andre, vanlig vært omtalt som *Feta*, ['fe:tæ]. Navnet er ikke nevnt i boka. Det kommer sannsynligvis av gno. *fit*, 'flat, frodig eng ved vann' (etter *Norsk stadnamleksikon*, 1997, s. 146). Her er det flatt og godt jordbruksland ned mot en bekk. Navn med dette opphavet er sjeldent i Østfold.

Den tradisjonelle forma *Øtne* er noe i bruk muntlig, ofte slik at en omtaler nabobruka som *Øtne*, men sitt eget som *Utne*. Slik er det i alle fall der jeg kommer fra.

Ivar Utne  
ivar.utne@uib.no

## NAMN OG IDENTITET

*Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) University of Oslo, Oslo 2012. 284 sider. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/issue/39>.

Artikkelsamlinga *Names and Identities* er eit resultat av to workshops om emnet namn og identitet haldne ved Universitetet i Oslo i 2007 og 2008. Samlinga er sett saman av 19 artiklar som alle har som mål å utforske dette emnet, særleg med fokus på stadnamn. Grunnen til dette, seier føreordet, er at stadnamna tradisjonelt sett ikkje har blitt knytte like sterkt til omgrepet identitet som det til dømes personnamna har. Bidragsytarane er mange, og dei har ulik fagleg, geografisk og kulturell bakgrunn; lingvisten Maria Giovanna Arcamone skriv om namnesymbolikk i italiensk kriminalitteratur, religionshistorikar Lars Kirkhusmo Pharo viser oss namneskikkar i gamle mesoamerikanske kulturar, og antropolog Thomas Hylland Eriksen skildrar ein tenkt namnekultur i eit multikulturelt, framtidig Oslo – alle med omgrepet identitet som sentral innfallspor til namnefeltet.

Tittelen *Names and Identities* er ein ambisiøs tittel. Den ber bod om ei samling tekstar som seier noko sentralt om korleis namngjeving på ulike vis knyter seg til fenomenet identitet hos menneske. Diverre er det slik at artikkelsamlinga berre tidvis innfrir dei forventningane ein slik tittel gjev. Ta til dømes Richard Coates' artikkel «Endonymic Place-Name Alternants and Their Cultural Significanses». Coates viser i artikkelen korleis stadnamn i England ofte har éi offisiell skriftleg form i tillegg til minst éi lokal, uoffisiell form, og at dei lokale namnevariantane ofte konkurrerer med den offisielle forma om å oppnå status som den normaliserte, skrivne forma. At engelskmenn er kreative og produktive når det gjeld alternativ namnebruk, er ei velkjend sak, og Coates presenterer for oss dei ulike måtane han meiner slik uoffisiell namngjeving går føre seg på. Denne gjennomgangen er



både interessant og morosam lesnad, men artikkelen blir diverre berre det – ein gjennomgang av ulike lokale namnevariantar i England og korleis dei har blitt produserte. Eg saknar at Coates trekkjer analysen sin opp på eit høgare plan, at han knyter funna sine til omgrepet identitet, slik tittelen på artikkelsamlinga antydgar. Kva kan denne namneskikken seie oss om psykologi og identitetsbygging i England? Coates seier at sjølv om det er vanskelig å seie noko sikkert ut frå språkdataa han har, så finst det ein tendens til at dei lokale og konkurrerande namnevariantane ofte får ein skrivemåte som ligg nærmare uttala enn dei offisielle namneformene. Kan det hende at dette fenomenet uttrykkjer ein trong djupt forankra i den engelske folkesjela til å ta avstand frå adelsklassen og dei arkaiske skrivemåtane deira? Kan denne laginga av alternative stadnamn som er så produktiv, sjåast som eit opprør mot det klassesdelte samfunnet som har prega England i generasjonar? Ein slik konklusjon blir sjølv sagt berre spekulasjonar frå mi side, og det er sikkert ei grov forenkling av verkelegheita. Poenget mitt er heller ikkje å kome med noko svar for Coates, men å vise at utan ein slik konklusjon, utan at ein prøver å samle trådane og knyte namnefunna til omgrepet identitet, kjennest artikkelen som noko halvveges påbyrja, noko som er klypt av i spranget. Grunnen til at eg går så djupt inn i artikkelen til Coates, er at han representerer ein tendens som diverre pregar fleire av artiklane i *Names and Identities*. Det er nemleg ein tendens til at artikkelforfattarane, som Coates, ikkje heilt maktar å avslutte det dei byrjar på.

Emmanuel Chabatas artikkel «Feature Names and Identity in Zimbabwe» og Adrian Koopmans artikkel «The Post-Colonial Identity of Durban» er andre døme på dette. Både Chabata og Koopman skriv om regimeskifte i Afrika og korleis desse skifta gjev seg utslag i endring av stadnamn. Chabata skriv (mellom anna) om stadnamn i eit postkolonialt Zimbabwe og Koopman skriv om stadnamn i den sørafrikanske byen Durban etter apartheid. Ei slik problemstilling borgar for svært interessante diskusjonar om korleis namn relaterer seg til identitet: Kva tendensar pregar dei nye stadnamna etter slike omveltingar? Korleis skin identiteten til dei nye styrarane gjennom i namnevala? Kommunerer dei nye namna noko «over hovudet» på den gamle okkupasjonsmakta, kanskje på same måte som «rhyming slang», kodespråket som blei brukt av motstandsmenn i England under andre verdskrig, gjorde det? Igjen, eg skal ikkje antyde noko om moglege konklusjonar. Eg kjenner ikkje namneverkelegheita i det postkoloniale Afrika og har ingen føresetnader for å seie noko om korleis dei nye regima eventuelt signaliserer tilhøyrsløse og identitet gjennom namneval. Eg meiner berre at spørsmål som dei eg stiller over, er spørsmål ein bør stille seg når ein skriv om den problemstillinga Chabata og Koopman her skriv om i ei artikkelsamling som heiter *Names and Identities*. Finn ein svar på nokre av desse spørsmåla, vil ein ha funne eit sentralt krysningsspunkt mellom namneval og identitet, og ein vil ha sagt noko viktig om det artikkelsamlinga

ifølgje tittelen prøver å seie noko om. Diverre blir ingen slike eller liknande spørsmål stilte eller forsøkte svara på, korkje hos Chabata eller Koopman. I staden blir artiklane stutte innføringar i stadnamnhistorikken til høvesvis ein nasjon og ein by – ikkje så mykje meir.

Det finst sjølv sagt unntak, og «Naming Me, Naming You. Personal Names, Online Signatures and Cultural meaning» av Charlotte Hagström er døme på ein artikkel som klarer det Coates, Chabata og Koopman ikkje maktar, nemleg å knyte namneforskning til identitetsomgrepet på ein god og overtydande måte. Hagström tek utgangspunkt i sosialantropologen Claude Lévi-Strauss og peikar på at namnegjeving er ein grunnleggjande og naudsynt strategi som vi menneske bruker for å kategorisere, systematisere og forstå verda vi lever i. Det er på denne måten vi gir verda og tinga identitet, seier Hagström. Men, fortset ho, denne trongen til å namngje og kategorisere verda snevvar òg inn perspektivet vårt og kan leggje ubevisste føringar på korleis vi opplever verda. Den identifiseringstrongen som Strauss peikar på, kan gå for langt, meiner ho. Vi risikerer at han «kjem ut på vrangsida» og ikkje lenger hjelper oss til å forstå verda, men i staden produserer stereotypiar og gir oss eit overforenkla bilete av verda. Dette gjeld ikkje minst for personnamna, meiner Hagström, og ikkje minst innanfor den digitale og globaliserte tidsalderen vi no lever i. Her møter vi stadig fleire menneske, og ofte *berre* gjennom namna deira; på sosiale medium, i e-postadresser og i online-signaturar. Ei slik utvikling kan ifølgje Hagström resultere i at personnamnet som merkjelapp blir tillagt uforholdsmessig mykje vekt, og at vi gjev folk ein overtydeleg og sjablongaktig identitet utelukkande på bakgrunn av namnet deira – ein identitet som ikkje yter menneska bak rettferd.

Artikkelen til Hagström blir eit døme på korleis ein fagartikkel under fanen «Names and Identities» etter mi meining bør komponerast; artikkelen viser til sentrale antropologiske teoriar som forklarar korleis namn og identitet har hange saman sidan førhistorisk tid, for så å bruke dei same teoriane til å seie noko nytt om korleis tilhøvet mellom namn og identitet har blitt i dag. Artikkelen følgjer altså ei basal oppskrift på korleis vitskapleg arbeid skal utførast: Finn ein teoretikar som underbyggjer det du vil seie, bruk teoriane hans/hennar til å seie noko nytt om feltet du jobbar med.

Diverre er det berre eit mindretal av bidragsytarane i samlinga som følgjer ei slik grunnleggjande oppskrift i artiklane sine. Brorparten lèt vere. Dei stoppar på nivå éin. Dei presenterer ei stutt skildring av ulike namnefunn, utan å knyte desse funna til ei større verkelegheit, slik Hagström gjer. Eg seier ikkje at artikkelsamlinga ikkje er interessant lesnad, her er masse å lære om historie, språkleg morfologi og religion, eg meiner berre at fleire av artiklane manglar ein viktig dimensjon for å kunne kallast vellukka faglege artiklar. Førordet til *Names and Identities* omtalar den tverrfaglege innfallsvinkelen til artikkelsamlinga som ein styrke for å forstå det feltet boka prøver å seie noko om. Ein er freista til å tenkje at det motsette er

tilfellet: Kanskje hadde *Names and Identities* tent på å la eit fåtal forfattarar frå eit avgrensa fagfelt få sleppe til med meir utdjupande artiklar i staden for å insistere på å sleppe til så mange forfattarar og fagdisipliner som det samlinga gjer no.

Andreas Tandberg  
andreas.tandberg@iln.uio.no

## BEGYNNER SNART «HVA SKAL BARNET HETE»-MARKEDET Å BLI METTET?

Ola Bjønness Karlsen: *Navn til barnet*. Gyldendal, Oslo 2012. 153 sider.

Hva skal vi med enda ei «hva skal barnet hete»-bok? Gyldendal må ha ment at det er et behov i markedet, og har hyret frilansoversetteren Ola Bjønness Karlsen som forfatter for en rimelig og enkel versjon. Ifølge baksideteksten inneholder boka mer enn 3000 navn, med «opprinnelse og betydning» over 110 sider, og dessuten oversikt over navnedager og navneloven som tillegg. Boka er også tilgjengelig som iPhone-app. Navneartiklene er korte, presentert alfabetisk etter kjønn. Dessverre bærer de preg av svak redigering og kontroll. Det gjelder utvalg og normering av navneformer, samt presentasjon av og grunnlag for navneforklaringer. Forfatteren skal likevel ha ros for å ha innlemmet en rekke navn fra utenfor den europeiske og kristne kulturkretsen. Når det gjelder tilleggene, er navnedagene i egen liste ikke oppdatert til siste versjon, men mer alvorlig er det at Gyldendal ikke ser ut til å være kjent med at Almanakkforlaget har rettighetene til navnedagene. Til slutt presenteres en kildeliste med åtte titler (der forfatteren har gått glipp av Kristoffer Krukens personnamnleksikon) og en del nettsider.

Hvilke vordende foreldre er målgruppe for denne boka? For de økonomiske er det en rekke nettressurser med navneoversikter til hjelp, minst like etterrettelige som denne boka og aldeles gratis. For de som vil legge i litt ekstra for et gjennomarbeidet oppslagsverk, anbefaler jeg gjerne Gulbrand Alhaugs *10 001 navn* (2011) og selvsagt Kristoffer Krukens nyreviderte *Norsk personnamnleksikon* (2013). Utmerkede oppslagsverk – i alle fall for oss som er mer enn alminnelig opptatt av navn. Der er jeg nemlig helt enig med Karlsen, som i forordet sitt erklærer at navn ikke er noe man skal ta lett på.

Solveig Wikstrøm  
solveig.wikstrom@iln.uio.no

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2012

Norsk namnebibliografi femner um namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utlendske granskarar når dei tek upp norske namn eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturupplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll  
k.j.myrvoll@iln.uio.no

- Akselberg, Gunnstein. *Frå Bontelabo til Ånuglo. Stadnamn i Hordaland*. Oslo: Det Norske Samlaget. 379 s.
- . Norsk namnegransking 2012. Arkivsituasjonen. *Nytt om namn* 56, s. 17–25.
- . Socioonomastics – a critical approach. *Namn og Nemne* 29, s. 107–118.
- Alhaug, Gulbrand. *August* fødd i august, *Julie* i juli eller jula – om fornamn relatert til tidspunktet for fødselen. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30, s. 25–47.
- Andersson, Thorsten. Alsta, Alvastra, Ostra. *Namn och bygd* 100, s. 27–59. [Um det norske øynamnet *Alsta* på Helgeland, s. 27–32.]
- Brylla, Eva. [Melding av] Ivar Utne: *Hva er et navn? Tradisjoner, navnemoter, valg av fornavn og etternavn*. Oslo 2011. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30, s. 177–179.
- Eriksen, Thomas Hylland. Place Names in Multicultural Societies. I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 71–80. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/311/436>.
- Fridell, Staffan. *Skjaldbreið(r)*. *Namn og Nemne* 29, s. 71–73.
- Fridtun, Kristin. Stadige stadnamn. *Nytt om namn* 56, s. 42–44.
- Furuset, Kjell. Hva betyr øynamnet *Tranøya*? *Namn og Nemne* 29, s. 89–91.
- Halveg, Jarle. Samling etter Øystein Frøysadal. *Nytt om namn* 55, s. 38–39.
- Harsson, Margit. Ti favorittnamn i Østfold. *Aust i Vika. Årbok for Østfold Mållag* 2012, s. 39–44.
- Haslum, Vidar. Navngivingsprinsipper og språkutvikling. *Namn og Nemne* 29, s. 31–45.
- . *Stedsnavn i Sannidal. En lokalhistorisk innsamling. Mørland Gnr. 75*. Utarbeidd av Vidar Haslum i samarbeid med Sannidal historielag. 48 s.

- . [Melding av] *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNAs 38. symposium i Ryslinge 12.–15. maj 2009*. Red. Lisbeth Eilersgaard Christensen og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 86.) Uppsala 2011. *Namn og Nemne* 29, s. 122–127.
- Heide, Eldar. *Håja/\*Håey* i Troms og Finnmark – høgøya og hai(finne)-øya? *Namn og Nemne* 29, s. 101–106.
- Helleland, Botolv. *Firenze* på norsk og *Florens* på svensk. Utanlandske stadnamn på norsk. I *Namn på stort och smått. Vänskrift till Staffan Nyström den 11 december 2012*. Red. Katharina Leibring et al. (Skrifter utgivna av Institutet för språk och folkminnen. Namnarkivet i Uppsala. Serie B: 12.) Uppsala, s. 117–128.
- . Place Names and Identities. I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 95–116. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/313/438>.
- . Placenames in Norway: research, storing, management and dissemination of the data. *Placenames Workshop 2012. Theme: Management and dissemination of toponymic data online. 24–25 august 2012*. Dublin: Fiontar, s. 59–74. [http://www.logainm.ie/placenames2012/pdf/proceedings\\_imeachtai.pdf](http://www.logainm.ie/placenames2012/pdf/proceedings_imeachtai.pdf).
- Helleland, Botolv, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm (red.). *Names and Identities* (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo. 284 s. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/issue/39>.
- Helset, Stig J. Om fjellnamn på Sunnmøre. *Namn og Nemne* 29, s. 75–88.
- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 11. Onsøy*. Utg. av Institutt for lingvистiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag. 404 s.
- Jackson, Peter. Det urnordiska namnelementet *-gastiz*. Några språk- och religionshistoriska sonderingar. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30, s. 5–18.
- Johannessen, Ole-Jørgen. *Norrøne og navnefaglige studier. Festskrift til 70-årsdagen*. Red. Odd Einar Haugen, Johan Myking, Helge Sandøy og Kjell Erik Steinbru. Oslo: Novus forlag. 267 s.
- . Nordisk namnforskning 2011. Litteraturkrönika. 2.5. Norge. *Namn och bygd* 100, s. 313–317.
- Korslund, Frode. Navnet *Varteig*. *Namn og Nemne* 29, s. 65–70.
- Krogseth, Otto. Names and Collective Identity. I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 95–116. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/316/441>.
- Kruken, Kristoffer. Kjeldebruken i *10 001 navn* – eit kritisk innlegg. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30, s. 161–164.

- Leibring, Katharina. [Melding av] Gulbrand Alhaug: *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo 2011. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30, s. 165–168.
- Lien, Ragnvald. *Abbor-, Åbor- og Tryte- i navn på tjern. Namn og Nemne* 29, s. 93–100.
- Kostanski, Laura. [Melding av] *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4.) Oslo 2012. *Namn og Nemne* 29, s. 130–133.
- Kruse, Arne. *Christiania og Eidsvold: Norske navn i den nye verda. Norsk lingvistisk tidsskrift* 30 (2), s. 248–262.
- Nedrelid, Gudlaug. Nokre personlege tilnamn i Sverresoga. I *Binamn. Uppkomst, bildning, terminologi och bruk. Handlingar från NORNA:s 40:e symposium i Älvkarleö, Uppland, 29/9–1/10 2010*. Red. Staffan Nyström et al. Uppsala: NORNA-förlaget, s. 145–160.
- Nyman, Eva. De norska ortnamnen *Skaun (Skogn)* och det svenska *Skön*. I *Germansk filologi og norske ord. Festskrift til Harald Bjorvand på 70-årsdagen den 30. juli 2012*. Red. John Ole Askedal, Tom Schmidt og Rolf Theil. Oslo, s. 141–156.
- Pedersen, Aud-Kirsti. Can Choosing the Form of a Name Be an Act of Identity? I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 167–182. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/317/442>.
- Pharo, Lars Kirkhusmo. «Tonalism»: Name, Soul, Destiny and Identity Determined by the 260Day Calender in Mesoamerica. I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 167–182. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/318/443>.
- Ralph, Bo. [Melding av] *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814)*. *Minneskrift for Kjartan Ottosson*. Red. Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr. Oslo 2011. *Maal og Minne* 1/2012, s. 170–183. [«Namn-material», s. 176–178.]
- Reisæter, Guro. Immigrants in Norway and Their Choice of Names: Continuation or Adaptation? I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 223–234. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/320/445>.
- Sandnes, Berit. Stedsnavn og språkkontakt i Namn och bygd. *Namn och bygd* 100, s. 165–179.
- Schmidt, Tom. *Harald* som forledd i norske stedsnavn. I *Germansk filologi og norske ord. Festskrift til Harald Bjorvand på 70-årsdagen den 30. juli 2012*. Red. John Ole Askedal, Tom Schmidt og Rolf Theil. Oslo, s. 176–194.

- . Namn och bygd og Norge. *Namn och bygd* 100, s. 251–270.
- Simensen, Erik. Øraker. I *Fra holtjar til holting. Språkhistoriske og språk-sosiologiske artikler til Arne Torp på 70-årsdagen*. Red. Unn Røyneland og Hans-Olav Enger. Oslo: Novus forlag, s. 339–348.
- Stemshaug, Ola. På leit etter beveren i Fosen. *Årbok for Fosen* 2012, s. 93–100.
- . Smørbukk og Sverdrup på feil sokkel. *Syn og Segn* 1/2012, s. 28–32.
- . [Melding av] *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Band 10. *skodde-stæveleg*. Oslo 2012. *Namn og Nemne* 29, s. 119–121.
- Særheim, Inge. Ancient toponyms in south-west Norway: Origin and formation. I *Language Contact and Development around the North Sea*. Red. Merja Stenroos, Martti Mäkinen og Inge Særheim. (Current Issues in Linguistic Theory 321.) Amsterdam – New York: John Benjamins Publishing Company, s. 53–66.
- . Norsk namnegransking 2012. Den akademiske situasjonen. *Nytt om namn* 56, s. 12–16.
- . *Marselius på Rudlebakken og Asseline Justine Gustava på Dokkeholen*. Namnebruken i Torvald Tus Jær-stubbar og hugnadsoger. *Namn og Nemne* 29, s. 47–63.
- . Official Naming in Hå, Klepp and Time. I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 235–242. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/321/446>.
- . Sakrale stadnamn. *Namn och bygd* 100, s. 181–200.
- . [Melding av] Gunnstein Akselberg: *Frå Bontelabo til Ånuglo. Stadnamn i Hordaland*. Oslo 2012. *Namn og Nemne* 29, s. 128–130.
- Utne, Ivar. Ti år med den norske navneloven. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30, s. 71–121.
- Veka, Olav. [Melding av] *Familiennamengeographie. Ergebnisse und Perspektiven europäischer Forschung*. Red. Rita Heuser, Damaris Nübling og Mirjam Schmuck. Berlin – New York 2011. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30, s. 171–173.
- Wikstrøm, Solveig. Surnames and Identities. I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2).) Oslo: University of Oslo, s. 257–272. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/323/448>.
- Windt-Val, Benedicta. Fra *Pollemann* til *Paulus*. Navnenes betydning i Sigrid Undsets konversjonsromaner. *Namn og Nemne* 29, s. 7–29.
- . Personal Names and Identity in Literary Contexts. I *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. (Oslo Studies in Language 4 (2)). Oslo: University of Oslo, s. 273–284. <https://www.journals.uio.no/index.php/osla/article/view/324/450>.





## NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Føredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.
12. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Språkrådet, Oslo 20. november 2009. Magnus Olsen som namnegranskar. Føredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 50, s. 52–92.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no).

## NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

**[www.norsknamelag.no](http://www.norsknamelag.no)**. E-post: **[olav.veka@gmail.com](mailto:olav.veka@gmail.com)**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **[ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no](mailto:ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no)**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo  
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **[kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no)**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

**[www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html](http://www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html)**

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **[www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

**[www.uib.no/fg/namnegransking](http://www.uib.no/fg/namnegransking)**

Kartverket har denne heimesida:

**[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)**

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

**[www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no)**

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **<http://nfi.ku.dk>**, **[www.kms.dk](http://www.kms.dk)**

Færøyane: **[www.setur.fo](http://www.setur.fo)**

Finland: **[www.kotus.fi/svenska](http://www.kotus.fi/svenska)**, **[www.nls.fi](http://www.nls.fi)**

Island: **[nefnir.is](http://nefnir.is)**, **[www.lmi.is](http://www.lmi.is)**

Sverige: **[www.sofi.se/namn](http://www.sofi.se/namn)**, **[www.lantmateriet.se](http://www.lantmateriet.se)**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

**[www.norna.org](http://www.norna.org)**

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

**[www.icosweb.net](http://www.icosweb.net)**

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **[unstats.un.org/unsd/geoinfo](http://unstats.un.org/unsd/geoinfo)**